

Årsrapport 2023

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 04.01.2024

Innhold

Del I Melding frå leiaren

Del II Introduksjon til verksemda og hovudtal

Del III Aktivitetar og resultat

- Overordna vurdering av måloppnåing
- Barnehage- og skolemiljø
- Kompetanseutvikling
- Læring og vurdering
- Arbeid for utsette grupper
- Utvikling i sektor på sentrale område
- Andre styringsparametrar

Kommunikasjon

Del IV Styring og kontroll

Del V Vurdering av framtidsutsikter

Del VI Årsregnskapet 2023

- Prinsippnote til årsregnskapet

Vedlegg: rapportering om arbeid for likestilling og mangfold, og aktivitets- og forklaringsplikta

- Riksrevisjonens beretning

Del I Melding frå leiaren

For Utdanningsdirektoratet har 2023 vore eit år med høg aktivitet og mykje utviklingsarbeid, samtidig som det har vore utfordringar. Gjennom leveransane våre har vi vist korleis medarbeidarane i Utdanningsdirektoratet bidreg til å betre føresetnadene for opplæring og trivsel i barnehagar og skular i Noreg. Mi vurdering er at direktoratet har hatt god måloppnåing på aktivitetane vi har gjennomført i 2023, og eg er fornøgd med det vi har fått til.

Samtidig har det i 2023 vore ei negativ utvikling i resultata for lesing, skriving og rekning og gjennom urovekkjande tal på mobbing og fråvær. Det har òg vore fleire dilemma knytte til digitalisering i skulen, og vanskar i samband med gjennomføring av eksamen våren 2023. Dette er resultat vi ikkje kan slå oss til ro med. Det er særleg alvorleg at lærings- og trivselsresultata peikar i feil retning. Utdanningsdirektoratet har ein stor verkemiddelportefølje, og vi må gå gjennom denne for å sikre at vi har best mogleg heilskap og samanheng i verkemidla våre. Vi må tenkje nytt rundt korleis vi skal innrette våre eigne leveransar for å bidra til trygge og gode barnehage- og skulemiljø og høg kvalitet i opplæringa, og om vi har dei rette verkemidla. I tillegg må vi jobbe med kunnskapsgrunnlaget vårt for å forstå utviklinga betre.

Regelverket er botnplanken i arbeidet vårt for å sikre trivsel og læring i barnehagar og skular. Dersom regelverket hadde blitt følgt, ville mange av utfordringane vore mindre, noko som ville vore til stor gevinst for barn, unge og vaksne i utdanningsløpet. Samtidig er det reelle og forståelege grunnar til manglande regelverksetterleving, slik som ressursar, kompetanse og økonomi hos barnehage- og skuleeigar. I 2023 har derfor arbeid med innføring av ny opplæringslov vore eit viktig satsingsområde for oss. Dette arbeidet vil halde fram i 2024. Innføringa av ny opplæringslov gir oss eit høve til å jobbe proaktivt på endå fleire frontar enn tidlegare for å formidle og forklare regelverket og støtte etterlevinga i sektoren.

Barnehagar og skular vil ikkje kunne skjermast mot dei breie utviklingstrekka nasjonalt og globalt. Derfor set vi pris på ein brei samfunnsdebatt om skulen, og at det er eit offentleg engasjement om korleis vi best innrettar kvardagen til barn og unge. Digitalisering og raske teknologiske endringar er ein av dei store utviklingstrendane som skulen må forhalde seg til. Det er ikkje nødvendigvis lett for enkeltstående kommunar og fylkeskommunar å vareta alle krav som digitaliseringa av skulekvardagen fører med seg. Den teknologiske utviklinga kan derfor bidra til å dekkje eit behov for at staten skal støtte og normere dei lokale forvaltningsnivåa når det gjeld bruk av digitale tenester. Vi tek denne forventninga på alvor. Samtidig ser vi òg at denne delen av porteføljen må balanserast opp mot arbeidet vårt med læring og vurdering, regelverksoppfølging, kompetanseutvikling og kunnskapsproduksjon. Dette vil innebære hardare prioriteringar av tiltaka våre.

Fellesskapa i barnehagar og skular er blant dei aller viktigaste samfunnsinstitusjonane våre. Kvart år startar fleire tusen barn og unge i barnehage og skule og tek del i desse viktige fellesskapa. I tida framover vil det vere viktig for Utdanningsdirektoratet å bidra til at nedgangen i lærings- og trivselsresultata stansar. I 2023 har vi vist fram den målretta innsatsen som blir gjort av direktoratet innanfor krevjande fagområde, samtidig som året har gitt oss sterke indikasjonar på kva utfordringar vi i endå større grad må evne å handtere i tida framover.

Marten Rosenkwist

Oslo, den 15.03.2024

Del II Introduksjon til verksemda og hovudtal

Samfunnsoppdraget vårt

Utdanningsdirektoratet er underlagt Kunnskapsdepartementet. Vi er departementet sitt utøvande organ for barnehage, skule og fagopplæring, og skal setje opplæringspolitikken ut i praksis. Vi skal bidra til at barn og unge trivst, meistarar og lærer i eit inkluderande læringsmiljø. Utdanningsdirektoratet styrer statsforvaltarane på utdanningsområdet. I tillegg har Utdanningsdirektoratet verkemiddel som blir brukte direkte av barnehagar, skular, barnehage- og skuleeigarar og barnehagestyresmakter.

Kunnskapsdepartementet har fastsett fem brukareffekt mål for direktoratet:

- Mål 1: Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagestyresmakter varetek utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter.
- Mål 2: Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Mål 3: Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagestyresmakter forstår, formidlar og etterlever regelverket.
- Mål 4: Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane og overfor lærebedriftene.
- Mål 5: Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagestyresmakter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

Verkemiddel og tenesteområde

Utdanningsdirektoratet er eit fagdirektorat med fleire ulike roller. Vi er fagleg rådgivar for Kunnskapsdepartementet, vi er eit fagorgan for sektorane, og vi har i tillegg ei gjennomføringsrolle ved at vi utøver mynde, set i verk vedteken politikk og styrer statsforvaltarane på utdanningsområdet. I tillegg skal vi støtte, rettleie og fremje ønskt utvikling i sektorane basert på oppdatert kunnskap.

Hovudleveransane våre er

- å utvikle og forvalte rammeplanar, læreplanar og anna regelverk på barnehage- og opplæringsområdet

- å rettleie og støtte sektorane
- å forvalte store tilskotsordningar
- å samarbeide med lærarutdanningane om etter- og vidareutdanningstilbod for tilsette i barnehage og skule
- å utvikle og forvalte prøve- og vurderingssystemet
- å gjennomføre tilsyn med private skular
- å gjennomføre økonomisk tilsyn med private barnehagar
- å vere overordna nasjonal fagstyresmakt for sektorane
- å utvikle og forvalte digitale, sektorretta tenester
- å utvikle og formidle kunnskap om bruk av teknologiske moglegheiter i sektorane
- å behandle søknader om godkjenning av nye skular etter privatskolelova
- å behandle søknader om rettfærdsvederlag som gjeld grunnopplæringa

Samarbeid med andre aktørar

Det er fleire aktørar som har ansvaret for å realisere måla i utdanningssektoren. Departementet har fastsett sektormål som seier kva dei ulike aktørane skal få til i fellesskap.

Sektormåla for barnehagen er

- at alle skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø
- at barn som treng hjelp, skal få det tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- at dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse
- at alle skal ha god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Sektormåla for grunnopplæringa er

- at alle skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- at barn og unge som treng hjelp, skal få det tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- at dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse
- at alle skal lukkast i opplæringa og utdanninga

Det overordna målbiletet for barnehagen og grunnopplæringa skal danne grunnlag for prioriteringar av temaområde og av faglege mål, og for utviklinga av nye tiltak og verkemiddel. Dette krev også eit godt og systematisk samspel på tvers av sektorane. Samarbeidet vårt med dei ulike aktørane i sektorane, både sentralt og lokalt, har derfor høg prioritet og skal gjennomsyre arbeidet vi gjer. På leiarnivå er direktoratet ein del av direktørnettverket, der ti direktorat innanfor velferdssektoren er representerte. Formålet med nettverket er mellom anna å bidra til dialog og samarbeid på tvers av sektorgrensene.

Vi har i fleire år samarbeidd med andre direktorat for å samordne innsatsen slik at alle barn og unge får den støtta og hjelpa dei treng for å meistre livet. Saman med tolv andre direktorat på oppvekstfeltet jobbar vi i etatssamarbeid for å løyse utfordringane med tverrgåande oppfølging av utsette barn og unge. Dette følgjer av kjernegruppa for utsette barn og unge som er etablert i departementa, og følgjer opp arbeidet frå 0–24-samarbeidet som blei avvikla i 2021.

Fleire av dei mest sentrale verkemidla våre, som vidareutdanningsordningane og kompetanseordningane, er avhengige av at vi samarbeider med universitets- og høgskulesektoren (UH) for å oppnå gode resultat. Vidare har vi eit omfattande samarbeid med universitetets- og høgskulesektoren i fagfornyninga.

Direktoratet har delegert eit fagleg koordinerande ansvar for opplæringa innan kriminalomsorga til Statsforvaltaren i Vestland. Vi følgjer opp denne koordinerande rolla gjennom løpande kontakt med statsforvaltaren.

I tillegg har vi eit omfattande samarbeid med Statped innanfor fagfelte spesialpedagogikk og spesialpedagogisk hjelp.

Omtale av organisasjonen og leiinga

Morten Rosenkvist tiltredde som direktør i Utdanningsdirektoratet 16. januar 2023. Vi har tilsette på fire kontor: i Oslo, på Hamar, i Tromsø og i Molde.


Oversikt årsverk (årgjennomsnitt)

Kategoriar	2022	2023
Avtalte årsverk	387	375
Utførte årsverk	329	339

Talet på tilsette fordelt mellom kontora

Kontor	Tilsette per 31.12.2022	Tilsette per 31.12.2023
Oslo	306	300
Hamar	25	24
Tromsø	16	16
Molde	45	43
I alt	392	383

Utdanningsdirektoratet er delt inn i 5 divisjonar med til saman 24 avdelingar. I tillegg har vi ein stab for kommunikasjon.



Divisjon for kunnskap og teknologi

Avdeling for digitale fellesløsninger 1

Avdeling for digitale fellesløsninger 2

Avdeling for forskning og internasjonale studier

Avdeling for statistikk og dataforvaltning

Avdeling for rettferdsvederlag og fagopplæring

Divisjon for læring og vurdering

Avdeling for læreplan videregående opplæring 1

Avdeling for læreplan videregående opplæring 2

Avdeling for prøve- og eksamenstjenesten

Avdeling for rammeplan barnehage og læreplan grunnskole

Divisjon for kompetanseutvikling

Avdeling for barnehage- og skolemiljø

Avdeling for barnehage- og skoleutvikling

Avdeling for digitale tjenester

Avdeling for inkludering og pedagogisk støtte

Avdeling for videreutdanning og lærerutdanning

Divisjon for regelverk og tilskudd

Avdeling for barnehageloven og etatsstyring

Avdeling for internjuridiske tjenester og private skoler

Avdeling for opplæringsloven

Avdeling for tilskuddsforvaltning

Avdeling for tilsyn

Avdeling for økonomisk tilvare private hørere

Divisjon for styring og organisasjon

Avdeling for dokumentasjon og arkiv

Avdeling for HR

Avdeling for IKT drift

Avdeling for økonomi

Utvalde nøkkeltal

Nøkkeltal fra årsrekneskapen	2022	2023
Tal på utførte årsverk	329	339
Samla tildeling post 01-99 i kr 1 000	14 015 475	14 921 360
Utnyttingsgrad post 01-29 i prosent	97,0	97,2
Driftsutgifter i kr 1 000	1 406 318	1 489 918
Lønnsdel av driftsutgifter i prosent	22,9	23,7
Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000	977	1 043
Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000 ekskl. honorar, styre, råd og utval	920	981
Konsulentdel av driftsutgifter i prosent	18,3	15,3

10,3 mrd. kroner av tildelingane i 2023 gjekk til ulike tilskotsordningar som er utgiftsførte på tilskotspostar innanfor barnehage, offentleg grunnopplæring, private skular og folkehøgskular, og nokre andre formål. Note 7 i årsrekneskapen viser at vi utgiftsførte om lag 12 mrd. kroner innanfor tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten. Forskjellen kjem av at note 7 viser kva som er utgiftsført på tilskotskontoar og ikkje berre for tilskotspostar. Om lag 2 mrd. kroner er utgiftsførte på tilskotskontoar, hovudsakleg på tilskot til kommunar og fylkeskommunar, på driftspostar innanfor kvalitetsutvikling i barnehage, skule og innanfor vidareutdanning. Som det kjem fram av diagrammet over, består tilskotsforvaltninga av omtrent 70 prosent av ressursane til direktoratet. Den største satsinga utover dette er vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar.

For meir informasjon om tilskotsforvaltninga til direktoratet viser vi til eiga årsrapportering som blir send til Kunnskapsdepartementet i april.

Del III Aktivitetar og resultat

Overordna vurdering av måloppnåing

Måla til Utdanningsdirektoratet for 2024

- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagestyresmakter varetek utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagestyresmakter forstår, formidlar og etterlever regelverket.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane og overfor lærebedriftene.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagestyresmakter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

Samfunnsoppdraget vårt er at barn, unge og vaksne skal lære, meistre og trivast i inkluderande fellesskap. Trygt og godt barnehage- og skulemiljø er ein føresetnad for læring og utvikling. Nedgang i lærings- og

trivselsresultata er derfor alvorleg. Det har vore tilfelle i året som har gått.

I samsvar med regelverket er det barnehage- og skuleeigar som har ansvar for å sikre rettane til barn og unge innanfor barnehage og grunnopplæring, mens Utdanningsdirektoratet si rolle i hovudsak er å støtte og hjelpe barnehage- og skuleeigarar. Vi skal bidra til at kommunane og fylkeskommunane kan løyse oppgåvene sine. På nokre område har vi, direkte eller gjennom statsforvaltarembeta, også ansvaret for å kontrollere oppgåveutføringa til barnehage- og skuleeigarar.

Utdanningsdirektoratet har hatt høg aktivitet i året som har gått. Vi leverer mange bidrag inn til sektor og til politikktutvikling innanfor både barnehage og skule. Samtidig er det altså mykje som tyder på at læringa og trivselen til barn og unge er i negativ utvikling. Sjølv om dei fleste elevane trivst på skulen, viser Elevundersøkinga negative tendensar både når det gjeld mobbing, utvikling i dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane i lesing og rekning, fråvær blant elevane og opplevinga av motivasjon i eigen kvardag. Vi må få meir kunnskap om årsakene til utviklinga, og tilpasse verkemidla våre i møtet med nye utfordringar.

Året som har gått, har underbygd at det er utfordringar knytte til måloppnåing på alle brukareffektmåla våre. All den tid vi er eit sektordirektorat, har vi òg eit ansvar for kontinuerleg å utforske om vi bruker fagkunnskapen og ressursane våre på ein slik måte at det gir mest mogleg effekt for sektor. På nokre område, slik som kompetanseutvikling, når vi ikkje alle målgrupper like godt. Vi må derfor jobbe vidare med å finne løysingar som er ressurseffektive og treffsikre. Innanfor regelverk veit vi at det er vanskar med etterleving i sektor. Sektoren blir òg stilt overfor store utfordringar i samband med rask teknologisk utvikling og digitalisering, noko som i 2023 mellom anna gav seg utslag i utfordringar med gjennomføring av våreksamnen. I tillegg er det eit endå større potensial enn i dag når det gjeld analysen og formidlinga vår av kunnskap, deriblant å nå ut med praksisnær og nyttig kunnskap til sektor. Desse utfordringane betyr at måtane vi har jobba på, ikkje nødvendigvis vil vere dei rette arbeidsmåtane eller prioriteringane i tida framover. Samtidig som vi varetek ansvaret til staten for å sikre retten barna og unge har til læring, meistring og trivsel, må vi òg jobbe for å ikkje innskrenke handlingsrommet til kommunane.

Nedanfor har vi delt opp rapporteringa i fem område: barnehage- og skulemiljø, kompetanseutvikling, kvalitetsutvikling, arbeid for spesielt utsette grupper, og strategisk utvikling i sektor, inkludert digitalisering. Rapportering om regelverket og kunnskapsgrunnlaget er integrert gjennom heile teksten. På alle desse områda arbeider vi for å oppfylle samfunnsoppdraget om å styrkje læring og trivsel hos barn og unge gjennom eit breitt spenn av aktivitetar.

Barnehage- og skulemiljø

Overordna vurdering av status på barnehage- og skulemiljø

Dei to siste åra har vi sett ei negativ utvikling i skulemiljøet til elevane, slik det blir målt i Elevundersøkinga. Motivasjonen og trivselen til elevane fell parallelt. Dette er i tråd med funn frå andre undersøkingar, og det

ser ut til å vere ein trend vi òg ser i fleire land. Delen elevar som seier i Elevundersøkinga at dei blir mobba, har stige mykje, og no seier 15,9 prosent av elevar på 5. trinn at dei blir mobba. Delen elevar som blir mobba, fell utover i skuleløpet, men er like fullt på 6,1 prosent på vg3. NTNU samfunnsforskning har analysert spørsmåla om mobbing i Elevundersøkinga. Analysen viser mellom anna at totalt 10 prosent opplever å bli utsette for mobbing, at alle former for mobbing aukar, og at tiltaka til skulen ofte ikkje hjelper.

I tillegg veit vi at psykososialt barnehagemiljø er ei utfordring. Tilbakemeldingar frå statsforvaltarane peikar på at det bør jobbast meir systematisk med dette over tid i barnehagane. Systematisk arbeid over tid er òg viktig i skulen for å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Andre viktige føresetnader er god klasseleiing, vaksne som er til stades og bryr seg, og godt samarbeid mellom heim og skule. Vi ser at dei skulane som jobbar godt med skulemiljøet, legg stor vekt på elevmedverknad og på å byggje eit godt miljø. Det å byggje eit lag rundt og med barn og elevar har vist seg å ha god effekt og er òg knytt til betre ferdigheiter og betre psykisk helse.

Oppgåva vår som direktorat er å bruke dei rette verkemidla for å setje barnehage- og skuleeigarar i stand til å gi gode og likeverdige tilbod. Regelverket er det viktigaste verkemiddelet vårt for å bidra til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Grunnleggjande i regelverket er at alle rett til eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø, og at barnehagen og skulen har førebyggingsplikt og ei aktivitetsplikt for å sørge for at barn og elevar får oppfylt denne retten. I 2023 har direktoratet hatt auka medvit om verkemiddelbruken vår, og vi sameiner i større grad dei juridiske og dei pedagogiske verkemidla slik at dei skal verke betre i barnehagar og skular. Det er potensielt mykje læring og rettleiing gjennom tilsyn og i enkeltsaker som kan bidra til betre førebyggjande innsats på lengre sikt. Samtidig kan eit einseitig fokus på kontroll av regelverket gå ut over det førebyggjande og systemiske arbeidet med trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Derfor jobbar vi kontinuerleg med å treffe rett balanse i innsatsen og kommunikasjonen ut mot sektorane.

Rapportar og undersøkingar

Manglande regelverksetterleving handlar i stor grad om manglande kompetanse og kapasitetsutfordringar hos skuleeigarane, ifølgje ein rapport frå Proba samfunnsanalyse om etterleving av opplæringslova. Når det gjeld endringane i motivasjonen og trivselen til elevane, vil vi framover jobbe meir med kunnskapsgrunnlaget. I løpet av 2024 kjem det fleire rapportar frå NTNU samfunnsforskning som ser nærmare på resultatane frå Elevundersøkinga, og vi har òg lyst ut eit forskingsoppdrag om trivselen til elevar og skulemiljø, slik at vi får meir kunnskap om utviklinga. Forskarane skal mellom anna sjå på korleis skulane jobbar med skulemiljøet, og kva som hemmar og fremjar utviklinga av eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø der elevane trivst.

Handhevingsordninga

Vi har i løpet av 2023 behandla 29 klagesaker knytte til psykososialt skulemiljø, 5 av dei var

avvisingssaker. Utfallet blant dei resterande blei medhald i 4 saker, delvis medhald i 6 saker, og ikkje medhald i 14 saker. Vi prioriterer desse sakene framfor alle andre saksbehandlingsoppgåver, noko vi meiner sikrar elevane effektiv og rettssikker saksbehandling. Sett i forhold til talet på melde saker hos statsforvaltarane får vi relativt få klagesaker. Dette har vore ein tendens heilt sidan handhevingsordninga blei innført. Det kan ha samanheng med at sakene kan endre seg mens dei er til behandling hos statsforvaltaren, at statsforvaltaren jamt over gjer gode vedtak, og at skulen kan forbetre arbeidet sitt når elev eller foreldre melder saka si til statsforvaltaren. Vi vil sende oppsummering av årsrapportane frå statsforvaltarane til Kunnskapsdepartementet i april.

Oppfølging av statsforvaltaren

Vi bidreg til at statsforvaltarane har mest mogleg rett og lik regelforståing når dei gjennomfører rettleiingsarbeidet sitt ut mot sektor, og når dei behandlar skulemiljøsaker. I 2023 har vi gjort fleire utviklingstiltak i samarbeid med statsforvaltarane. Formålet er å bidra til likebehandling mellom embeta og meir lik praksis for behandling av skulemiljøsaker. Døme på slike tiltak er ny saksbehandlarrettleiar og fast praksis for å sende kopi av klagevedtaka våre til alle embeta. Vi svarer òg løpande på prinsipielle spørsmål frå embeta om regelverket i form av tolkingsutsegner. Ut frå det vi ser i vedtaka til statsforvaltarane, ser det ut som dette har hatt ein positiv effekt, og at det bidreg til likebehandling.

Vi ser at talet på melde skulemiljøsaker til statsforvaltaren har auka det siste året. Dette har i dei aller fleste embeta ført til lenger saksbehandlingstid. Den auka saksbehandlingstida er ikkje i tråd med intensjonen bak handhevingsordninga. Vi har derfor jobba målretta for å hjelpe statsforvaltarane med å korte ned saksbehandlingstida i skulemiljøsaker. Eit av tiltaka er å besøkje alle embeta i løpet av hausten 2023 og våren 2024. Formålet er å drøfte situasjonen med kvart enkelt embete, og auke den felles forståinga vår av kva som skal til for at handhevingsordninga skal bli raskare og meir rettssikker. I møta foreslår vi òg effektiviseringstiltak på bakgrunn av den informasjonen vi har om saksbehandlinga i kvart enkelt embete. Endringane i den nye opplæringslova er òg tema i desse møta.

Risikobaserte tilsyn og avdekte brot på regelverket

Vi har i løpet av 2023 gjennomført seks stadlege privatskuletilsyn med temaet skulemiljø og internkontroll. Vi har avdekt regelverksbrot i alle desse tilsyna. I tillegg har vi revidert Felles nasjonalt tilsyn (FNT).

Vi har òg gjennomført tilsyn med spesialkompetansen, gjennomføring av Elevundersøkinga, spesialundervisning og internkontroll, ansvaret til styret, planlegging av spesialundervisning og arbeidet til skulen/styret med elevane sitt utbytte av opplæring. I desse tilsyna avdekte vi brot på regelverket i 60 prosent av tilfella. Dersom skulane ikkje oppfyller regelverket på desse temaa, kan det føre til store negative konsekvensar for elevane. Vi vurderer det slik at tilsyna har bidrege til å sikre betre regelverksetterleving i privatskulane.

Utvikling av barnehage- og skulemiljø

Utdanningsdirektoratet har i 2023 jobba med å vidareutvikle kompetansetiltak og forbetring av støtteressursane til sektor. Vi ønskjer å skape ei brei forståing av kva som gir trygge og gode barnehage- og skulemiljø, og av at barnehagemiljø er like viktig som skulemiljø. Vi har mange målretta og kompenserande tiltak med omsyn til barnehage- og skulemiljø, men den viktigaste innsatsen er inkluderande praksis. Derfor er inkluderande praksis ei gjennomgåande målsetjing i alle etter- og vidareutdanningstilboda for barnehage og skule. Dette rapporterer vi på i ein eigen del om kompetanseutvikling.

I 2023 har vi hatt større merksemd på vidaregåande skule enn før, og vi ser behov for at verkemidla våre treffer dei ulike målgruppene våre betre. For å få til dette trengst det ei større differensiering av tiltaka våre. Dette vil vi jobbe vidare med.

Tematikken trygt og godt barnehage- og skulemiljø har stor politisk merksemd rundt enkelte element og brei medieomtale. Vi formidlar kunnskap til Kunnskapsdepartementet, til tilsette, leiarar og eigarar, og vi formidlar regelverket i praksis på alle desse komplekse områda. Vi har fleire nettressursar, men dei er ikkje godt nok kjende i sektor. Derfor har vi ein ambisjon om å gjere desse ressursane betre kjende. Ambisjonen er òg at vi skal vere tydelegare overfor sektor på kva som er god praksis.

Over mange år har det vore sett inn ulike tiltak for å bidra til å byggje trygge og gode miljø i barnehage og skule. Tiltaka har komme med bakgrunn i ulike oppdrag og i ulike samanhengar. Kvar for seg har vi ganske mykje kunnskap om desse tiltaka. Eit stort oppdrag i året som har vore, har handla om å samordne alle tiltaka på barnehage- og skulemiljø. I dette arbeidet har det blitt gjennomført eit innsiktarbeid som har skaffa oppdatert kunnskap frå sektor, som vi skal bruke i det vidare arbeidet. Vi har levert tilrådingar til Kunnskapsdepartementet, som mellom anna er knytte til eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, ei tydelegare rolle til statsforvaltaren, og dessutan å pilotere ressursteam som skal støtte kommunar i arbeidet med trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Slik vi vurderer det, har vi lukkast med å auke forståinga i sektor om betydninga av trygge og gode barnehage- og skulemiljø i dei oppdraga vi har hatt gjennom året.

Dersom alle eigarar lukkast med å etterleve regelverket, vil alle barn og elevlar vere del av eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Denne tenkinga prøver vi gjennom verkemidla våre å omsetje til støtte for barnehagar, skular og skulefritidsordningar, slik at dei får bistand til å forstå og nytte regelverket til det beste for barna og elevane. Juridiske verkemiddel, økonomiske verkemiddel og pedagogiske verkemiddel støttar opp under dette.

Kompetanseutvikling

Overordna vurdering av status på kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og skule er viktige verkemiddel for å sikre høg kvalitet og

gode barnehage- og skulemiljø for alle barn og unge. Over år har Utdanningsdirektoratet bygd opp eit system for kompetanseutvikling, som tek utgangspunkt i lokale behov og i partnerskap med universitets- og høgskulesektoren. Med grunnlag i rammeplan for barnehagen, læreplan for grunnopplæringa og gjeldande kompetansestrategiar for barnehage og skule utviklar vi tilboda våre kontinuerleg slik at dei skal møte kompetansebehova i framtida.

Det er fleire utfordringar på kompetansefeltet. Ei overordna utfordring for eigarar og leiarar er at tiltaka har ulike innretningar, noko som bidreg til å skape eit unødig skilje mellom etter- og vidareutdanning. Det går fram av kompetansestrategiane at vidareutdanningane skal bidra til kollektiv læring og utvikling av profesjonsfellesskap i kvar enkelt barnehage og skule og hos eigar. For arbeidet med barnehage- og skuleutvikling er det nødvendig å sjå etter- og vidareutdanning i samanheng, og derfor bør eigar sjå behova for vidareutdanningstiltak i samanheng med tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling. Dette skjer ikkje i alle tilfelle. Ei kunnskapsoppsummering om vidareutdanning (Utdanningsdirektoratet, 2023) viser at det er utfordrande å omforme kompetanse frå vidareutdanning til kollektiv læring og utvikling av profesjonsfellesskapa. Samtidig viser erfaringar og tilbakemeldingar frå dei regionale etter- og vidareutdanningsnettverka i UH-regionane at lærarutdanningane i stadig større grad ser og diskuterer lokal kompetanseutvikling og vidareutdanning i samanheng. Det er lite systematisk kunnskap på nasjonalt nivå om korleis vidareutdanning kan gi bidrag til kollektiv læring og koplast tettare til barnehagen og skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling, mellom anna tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling.

Partnerskap mellom praksisfeltet og universitets- og høgskulemiljø som koplar vidareutdanning til lokal kompetanseutvikling, kan bidra positivt til kunnskapsutviklinga på feltet. Ei tettare kopling mellom arbeidet i partnerskapa og vidareutdanning kan styrkje det doble formålet om å både vidareutvikle kvaliteten på praksisen i barnehagar og skular og vidareutvikle kvaliteten og relevansen i lærarutdanningane.

Med utgangspunkt i rapporteringar frå statsforvaltarane og partnerskapa vurderer vi det slik at tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling er i positiv utvikling, mellom anna fordi partnerskapa fungerer betre. Aktørane er positive til denne måten å samarbeide om kompetanseutvikling på.

Ei av dei største utfordringane for kompetansemodellen er kapasitet til aktiv deltaking, både i barnehage- og i skulesektoren, hos statsforvaltarembeta og i universitets- og høgskulemiljøa. Organiseringa kan opplevast både kompleks og krevjande, og mange eigarar etterlyser betre koordinering og samordningar av statlege støtteordningar på oppvekstfeltet. For universitets- og høgskulesektoren (UH) blir behovet for langtidsperspektiv understreka, slik at dei kan planleggje organisering og ressursbruk inn mot ordningane. Når det gjeld statsforvaltarane, rapporterer dei at store delar av kapasiteten deira blir brukt til klagebehandling og tilsyn, sjølv om det er ein premis for ordninga at statsforvaltaren jobbar aktivt med å inkludere alle barnehage- og skuleeigarar i ho.

Den desentraliserte modellen for kompetanseutvikling legg til grunn at nasjonale innsatsar blir kanaliserte inn i modellen, samtidig som vi ser at modellen er under press av ulike innsatsar på prioriterte område. Kompetanseløftet er døme på ein innsats som har fungert godt i parallell med kompetansemodellen, der vi

øg har lukkast godt med å få til heilskap og samanheng i dei ulike verkemidla. Barnehage og skule står overfor fleire store utfordringar knytte til den negative trenden i læring og trivsel, og det er eit aukande press om fleire tematiske satsingar for å møte spesifikke utfordringar i sektor. Balansen mellom lokal handlefridom og nasjonale prioriteringar og verkemiddel for styring blir viktig. Fleire enkeltinnsatsar inneber ein risiko for meir fragmenterte verkemiddel, og for at satsingar blir konkurrerende. For dei store utfordringane meiner vi det vil gi best resultat å bruke dei store verkemidla, og heller utforske korleis ein kan sørgje for at nasjonalt prioriterte utviklingsområde blir følgde opp lokalt. Absorberingsevne i kommunane er heilt avgjerande for at vi skal kunne få berekraftige satsingar som gir resultat. Samtidig får vi tilbakemeldingar om at absorberingsevna er overskriden for fleire kommunar. Derfor må vi jobbe for at summen av innsatsane frå staten er handterlege for målgruppa.

Ein viktig del av kompetanseutviklingstiltaka til direktoratet er digitale kompetansepakker. Dei skal gi fagleg påfyll og støtte til å utvikle temabasert kompetanse og praksis i barnehagar, skular, PP-tenesta, lærebedrifter og prøvenemnder. Vi ser gjennom rapporteringa frå partnerskapa i tilskotsordninga at dette er eit verkemiddel som blir nytta. I 2023 var inkluderande praksis og trygt og godt barnehage-, skule- og SFO-miljø blant dei mest besøkte pakkene våre, noko som tyder på at nasjonale signal om prioriteringar blir følgde opp av eigarane.

I 2022 kom NOU-en «Med videre betydning». NOU-en peikar på at dagens system er omfattande og fragmentert. Målet er å utvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling. Behandlinga av NOU-en vil ha mykje å seie for det vidare arbeidet til direktoratet på feltet. Eit av områda som blir beskrive, er forvaltning av ordningane for lokal kompetanseutvikling og vidareutdanning, der vi leverte tilrådingar i juni 2023. Dette kan på sikt ha konsekvensar for innretninga vår av kompetansefeltet. Vi er i dialog med KD om utviklinga av eit meir heilskapleg system, og bidreg aktivt inn i arbeidet.

Vidare kom NOU-en «Et nytt system for kvalitetsutvikling» i november 2023. Koplinga mellom dei to felte kompetanse- og kvalitetsutvikling er ein føresetnad for i større grad å lukkast med å sjå heilskap og samanheng i barnehage og skule. Ein føresetnad for systematisk kvalitetsutvikling er relevant kompetanse. Vi har sett på grep for å styrkje denne samanhengen – korleis verktøya kan støtte lokal kompetanseutvikling gjennom m.a. å innhente systematisk brukarinnsett. Dette skal bidra til kompetanseplanlegging på eigarnivå, som er ei utfordring i dag. Leiing i barnehage og skule er òg viktig for å sjå desse systemutfordringane, og vi arbeider med å utvikle tiltaka våre knytte til leiarar.

Kvalitet og deltaking i vidareutdanning for tilsette i barnehage og skule

Vi arbeider kontinuerleg med vidareutdanning med utgangspunkt i gjeldande kompetansestrategiar for barnehage og skule. Nedanfor blir dei ulike vidareutdanningstilboda beskrivne. Den digitale kompetansen til dei tilsette er ein integrert del av alle tilboda.

Vidareutdanning for barnehagelærarar

Vidareutdanning for barnehagelærarar inngår som eitt av fleire tiltak i strategien Kompetanse for fremtidens barnehage (revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2023–2025). 1765 barnehagelærarar fekk tilbod om å ta vidareutdanning studieåret 2023–2024. 1050 barnehagelærarar fekk tilbod om å ta vidareutdanning studieåret 2022–2023.

Søklarar til studium i spesialpedagogikk og samiske fag blei prioriterte i søknadsbehandlinga vår. Blant tilboda i studiekatalogen til Utdanningsdirektoratet har det vore ein stor auke i talet på søknader til spesialpedagogikk. Digital kompetanse i barnehagen, leiing av utviklingsarbeid og samisk språk, kultur og tradisjon i alle barnehagar er nye tilbod i 2023.

Søknader til vidareutdanning for barnehagelærarar

Språktilbod	Registrerte søknader	Godkjende søknader	Godkjende frå Udir
Språkutvikling og språklæring hos barn	222	196	184
Digital kompetanse i barnehagen	128	112	112
Fysisk-motorisk utvikling og aktivitet	40	32	30
Leiing av utviklingsarbeid	84	71	63
Pedagogisk leiing og læringsmiljø	131	121	118
Realfag i barnehagen	18	16	16
Samisk språk, kultur og tradisjon i alle barnehagar	30	24	24
Spesialpedagogikk	892	788	465
Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk	106	92	92
Rettleiarutdanning	194	169	84
Rettleiarutdanning for praksislærarar	428	370	298
Andre (sjølvvalde)	336	305	279
Sum	2609	2296	1765

I 2023 blei deltakarundersøkinga gjennomført for barnehagelærarar som tok vidareutdanning i 2022. Funna viste at barnehagelærarar er svært motiverte for å ta vidareutdanning. Dei opplever kvaliteten på tilbodet som god, men når det gjeld bruk av digitale ressursar i utdanninga, blir dette opplevd som noko mangelfullt. Dei fleste barnehagelærarane gir uttrykk for å sitje igjen med eit praktisk læringsutbytte. Samtidig synest fleire det er krevjande å balansere studiar med jobb og privatliv. Barnehageeigar si tilrettelegging for deltaking på studia er viktig for opplevd læringsutbytte. Bruk av tilretteleggingsmidlar varierer. Dei barnehagelærarane som opplevde å bli involverte i tilrettelegginga, oppgir òg at dei i større grad enn andre fekk permisjon med lønn for å delta på studiesamlingar eller ta ut lesedagar.

Vidareutdanning for lærarar

Ordninga vidareutdanning for lærarar er forankra i strategien Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025. Strategien blei først lansert i 2015, men blei revidert i juni 2023. I den reviderte strategien kjem det tydelegare fram at satsinga på vidareutdanning skal bidra til at skuleeigar skal kunne styrkje kompetansen i alle fag.

Studieåret 2023–2024 var det 219 studietilbod i studiekatalogen til Utdanningsdirektoratet. Dei fleste tilboda i katalogen var delvis nettbaserte med samlingar, ein god del var heilt nettbaserte tilbod. For første gong var det i 2023 studietilbod med hybrid løysing, det vil seie at deltakarane kunne velje å delta digitalt på dei fysiske samlingane.

I 2023 blei deltakarundersøkinga gjennomført for lærarar som tok vidareutdanning studieåret 2022–2023. Funna i deltakarundersøkinga viser at lærarane i all hovudsak opplever eit godt læringsutbytte av å ta vidareutdanning. Lærarane i undersøkinga oppgir å vere motiverte og opplever at utdanninga òg kjem elevane til gode. Som ved tidlegare deltakarundersøkingar indikerer resultata at det er store forskjellar mellom skular når det gjeld kultur for kunnskapsdeling. Over halvparten seier at skuleleiinga ønskjer at dei skal ta vidareutdanning, men berre to av fem opplever at skuleleiinga etterspør det dei har lært, eller legg til rette for at dei kan dele.

I tillegg til dei årlege deltakarundersøkingane blei det våren 2023 gjennomført ei kvalitativ oppfølgingsundersøking for å undersøkje korleis deltakarar som har teke vidareutdanning for barnehagelærarar, lærarar og yrkesfaglærarar, vurderer betydninga av utdanninga halvtanna år etter at dei var ferdige. Hovudfunna viser at vidareutdanninga er høgt verdsett, og at den nye kunnskapen har hatt mykje å seie for motivasjonen, at deltakarane har teke i bruk nye metodar, og at dei har opplevd større fagleg tyngd. Rapporten viser døme på at dei som har teke vidareutdanning, har utvikla ei rolle som endringsagent på arbeidsplassen, men at ein plan for kunnskapsdeling er avgjerande for endring. Tidspress i arbeidskvardagen, særleg for barnehagane, går på kostnad av fordjuping, refleksjon og moglegheiter til å omsetje kunnskap i praksis. Informantane fortel om ein utbreidd delingskultur i barnehage og skule. For at vidareutdanning skal kunne brukast til ei kollektiv profesjonsutvikling, krevst det både innsats frå deltakarane sjølve og ei systematisk tilrettelegging frå leiinga.

Trass i forslaget om å lovfeste eit unntak frå kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag for lærarar med lærarutdanning frå før 2014, blei dei nasjonale prioriteringane for engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk vidareført for studieåret 2023–2024. Som i 2022 var også søknader til spesialpedagogikk og dei praktiske og estetiske faga prioriterte, og dessutan søknader frå kommunar i oppfølgingsordninga og Finnmark fylke.

Søknader vidareutdanning for lærarar

Fag	Registrerte søknader	Godkjende frå eigarar	Godkjende frå Udir
Engelsk	864	641	641
Matematikk	973	733	733
Norsk	2027	764	765
Norsk teiknspråk	26	14	15
Samisk	15	13	13
Grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring	129	74	74
Praktiske og estetiske fag	1021	619	606
Spesialpedagogikk	2486	1660	1491
Andrespråkspedagogikk	732	484	353
Begynnaropplæring	451	300	239
Naturfag	355	249	196
Profesjonsfagleg digital kompetanse	393	274	196
Programmering	711	549	409
Rettleiarutdanning	899	548	388
Andre fag	1029	684	518
Sum	11111	7606	6637

Det blei betalt ut 890 mill. kroner til vikarmidlar og 241 mill. kroner til stipendmidlar til skuleeigarar i 2023. I tillegg blei det betalt ut 250 mill. kroner for studieplassar til universitet og høgskular.

Vidareutdanning for yrkesfaglærarar

Studieåret 2023–2024 fekk 328 yrkesfaglærarar tilbod om vidareutdanning med stipend eller vikarmidlar gjennom Yrkesfaglærarløftet – Strategi for fremtidens fagarbeidere (2015).

15 søknader blei avslåtte på grunn av budsjetttramme for ordninga. Talet på innvilga søknader fordelte seg på fem universitet og høgskular. I tillegg til studietilboda i studiekatalogen til Utdanningsdirektoratet er det

innvilga 87 søknader til andre studietilbod ved fagskular, universitet og høgskular.

Det blei i 2023 betalt ut 48 mill. kroner til stipend og vikarmidlar, og 16,3 mill. kroner i tilskot til UH for studieplassar.

I 2023 blei deltakarundersøkinga gjennomført for yrkesfaglærarar som tok vidareutdanning i 2022. Hovudfunn frå undersøkinga viste at

- lærarane har høg eigenmotivasjon og ønske om fagleg utvikling
- kollegaer som tek same studium, er viktig støtte
- kulturen for kunnskapsdeling på skulen varierer betydeleg
- studiane innfrir forventningar til kvalitet og relevans
- delen nettbaserte studiar er høg for yrkesfaglærarar samanlikna med andre lærarar

Utdannings- og rekrutteringsstipend

Ordninga skal bidra til kvalifisering av tilsette i skulen som ikkje har godkjend lærarutdanning.

Skuleeigarar kan søkje om utdanningsstipend for tilsette som treng praktisk-pedagogisk utdanning eller yrkesfaglærarutdanning. Dei kan òg søkje om stipend for minoritetsspråklege lærarar og stipend til tilsette med ei tidlegare påbyrja, men ikkje fullført lærarutdanning. Den siste kategorien er ei forsøksordning der seks ulike studiestader deltek. Forsøket gjekk opphavleg fram til desember 2025, men har blitt forlengt fram til 31. desember 2026.

Skuleeigarar kan òg søkje om rekrutteringsstipend for å kvalifisere personar utan godkjend lærarutdanning som dei ønskjer å rekruttere inn i skulen. Det blei innvilga stipend til i alt 539 nye deltakarar i 2023. Av desse var det 21 stipend til fullføring av lærarutdanning og 18 stipend til minoritetsspråklege lærarar. 411 lærarar som har fullført praktisk-pedagogisk utdanning og yrkesfaglærarutdanning, fekk utbetalt andre del av stipendet. Minoritetsspråklege lærarar og dei som skal fullføre tidlegare påbyrja lærarutdanning, kan søkje om stipend for så mange semester som trengst for å bli kvalifisert som lærar. Dei får då utbetalt stipend for eitt år om gongen. I 2023 var det 18 som fekk utbetalt stipend som hadde blitt innvilga tidlegare år. Totalt blei det utbetalt stipend for til saman 82,8 mill. kroner i 2023.

Styrrarutdanning

I 2023 var det 299 barnehageleiarar som starta på studiet. Dette er ei deltaking som ligg på om lag same nivå som i 2022 og 2021. Styrrarutdanninga har god måloppnåing på kvalitet i utdanninga og deltaking. I samsvar med deltakarundersøkinga er deltakarane i all hovudsak svært fornøgde med styrrarutdanninga og meiner at ho er relevant for eige arbeid. Betydninga av utdanninga ser òg ut til å vare over tid. Men det går òg fram at tre av fire deltakarar opplevde det som krevjande eller svært krevjande å kombinere styrrarutdanninga med arbeid i barnehagen, og over halvparten av deltakarane seier at dei i liten eller svært liten grad blei avlasta frå arbeidet. Dette knyter seg til kapasitetsutfordringar som blei skisserte

innleiingsvis.

Rektorutdanning

Søkinga til rektorutdanninga var god i 2023, og vi hadde det høgaste talet søkjarar sidan 2018. 655 søkte rektorutdanning, og 574 søknader blei godkjende av skuleeigar. Alle godkjende søknader fekk tilbod om studieplass, og i alt 511 takka ja og byrja på utdanninga hausten 2023. Dei siste åra har delen som fullfører rektorutdanninga, vore på 91 prosent.

Deltakarundersøkinga som blei publisert i mai 2023, viste at deltakarane på rektorutdanninga er høgt motiverte og fagleg tilfredse med utdanninga. Dei aller fleste deltakarane meiner at utdanninga har vore relevant, at ho har vore teoretisk og praktisk orientert, og at kombinasjonen av teori og praksis har vore god. Deltakarane oppgir at dei opplever at vidareutdanninga har gitt stort læringsutbytte. Tilbydarane sine egne evalueringar av utdanninga gir det same biletet som deltakarundersøkinga.

Mange deltakarar svarer at det er ei utfordring å kombinere studiar med jobb, og saknar betre tilrettelegging på arbeidsplassen. Halvparten av respondentane rapporterer at dei ikkje fekk avlastning med oppgåver for å frigjere tid til å jobbe med utdanninga mellom samlingane i utdanningsopplegget. Manglande tilrettelegging gir ein umogleg balanse mellom jobb, studiar og fritid og er ei viktig årsak til fråfall. Dei fleste deltakarane har fått utgifter dekte i samband med utdanninga.

Resultat som blei publiserte i 2023 frå forskingsprosjektet som er i gang, og som blir leidd av OsloMet, om den nasjonale skuleleiarutdanninga (2020–2024), viser at rektorutdanninga byggjer på prinsipp som i sum møter kravet om ei tidsriktig og effektiv utdanning. Forskinga viser òg at utdanninga gir avtrykk i leiarpraksisen til deltakarane og i organisasjonane til leiarane.

På bakgrunn av deltakarundersøkinga, evalueringane frå tilbydarane og resultat frå forskingsprosjektet, har direktoratet hatt møte med tilbydarane for å sjå korleis kvaliteten på utdanninga kan forbetrast og vidareutviklast.

Modular for leiarar i barnehage og skule

Modulbaserte vidareutdanningar for leiarar har høg måloppnåing når det gjeld kvalitet og deltaking i dei fem modulane juss for leiarar, leiing av utviklings- og endringsarbeid, barnehage- og skulemiljø og leiing, leiing og digitalisering og leiing av profesjonelle læringsfellesskap. Dei tre førstnemnde er felles utdanningstilbod til barnehage- og skuleleiarar. Dei to siste er separate tilbod til skuleleiarar.

Alle barn og unge skal ha like moglegheiter til å meistre og fullføre opplæringa, og laget rundt barn og unge blir ofte peika på som eit mogleg grep for å lukkast med dette, til dømes i Meld. St. 6 Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Laget rundt barn og unge må ikkje forståast som ein modell for arbeidet, men i større grad som eit tankesett der poenget er å setje barn og unge i sentrum, og at tenestene blir tilpassa behova til barna. Det omfattar ulike profesjonar og yrkesgrupper og samarbeidet deira med ulike eksterne aktørar. Forskinga er klar på at det krevst tydeleg og felles forankring, gode system, strukturar og god leiing. Det er framleis ei utfordring i dette arbeidet at det er ulike oppfatningar av kva det vil seie å operasjonalisere laget rundt utsette barn og unge, og det er behov for ei tydeleggjering av dette, både internt i sektoren vår og på tvers av sektorar.

Etatssamarbeidet for utsette barn og unge

Utdanningsdirektoratet har brukt mykje ressursar på å bidra til etablering av etatssamarbeidet for utsette barn og unge, som skal støtte opp om departementa si kjernegruppe for utsette barn og unge (KUBU). Prioriteringar i arbeidet har vore å utarbeide felles mandat og ei god organisering av samarbeidet. I tillegg har vi bidrege til å utvikle nye arbeidsformer for å leggje til rette for god og effektiv gjennomføring av ulike oppgåver. Ein føresetnad for dette er at det finst strukturar som mogleggjer meir systemisk arbeid mellom dei ulike sektorane. Lukkast vi med å jobbe betre systemisk med utsette grupper, er tanken vår at vi òg vil lukkast betre i å handtere konkrete utfordringar som ungdomskriminalitet eller psykisk helse. Målet er å få til betre system for å setje kommunar i stand til å realisere gode lag rundt barn og unge. Vi har særleg bidrege i arbeidet med psykisk helse, som er ei av to definerte temasaker. Temasakene psykisk helse og barne- og ungdomskriminalitet blir vidareførte som prioriterte tema i 2024.

I 2023 har vi jobba med fleire innsatsar som er viktige supplement til dei definerte oppdraga i etatssamarbeidet. Døme på dette er arbeidet med Digiung og arbeid med livshendinga alvorleg sjukt barn. Sektorsamarbeid er viktig, men også ressurskrevjande. Det er nødvendig å sørgje for at arbeidet blir sett i samanheng med kjerneverksemda. Vi har i 2023 jobba med å betre den interne organiseringa av dette arbeidet. Det vil mellom anna seie å sjå ulike prosessar i samanheng, og avstemme ambisjonar og forventningar. Dette er krevjande fordi det er store ambisjonar frå fleire andre sektorar om kva som skal setjast i verk i barnehage og skule. Vi ser det som nødvendig at vi, både i direktoratet og på tvers av dei ulike sektorstyresmaktene, formidlar samstemde forventningar til kommunane om arbeidet med laget

rundt utsette barn og unge. Innsatsar frå statleg hald må samordnast for å få best mogleg effekt. Vi vurderer det slik at dette arbeidet framleis har forbedringspotensial, men at vi er på rett veg.

Retten til spesialpedagogisk støtte

I 2023 starta vi eit arbeid med å greie ut status for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Informasjonen vi har samla inn, viser at det er ein del barn og elevar som ikkje får den tilrettelegginga dei har behov for og krav på. Dette har mellom anna samanheng med manglande regelverkskompetanse på området, manglande økonomiske ressursar og mangel på personale med rett kompetanse til å gjennomføre tilrettelegginga. For å støtte sektor oppdaterer vi regelverksinformasjonen på udir.no, og i 2024 vil vi vurdere kva andre verkemiddel vi kan nytte for å bidra til at fleire barn og elevar får den tilrettelegginga dei har krav på.

Nykomne flyktningar

Direktoratet jobbar med å sikre gode tilbod for alle grupper av nykomne, uavhengig av landbakgrunn og innvandringsårsak. 2023 har vore prega av krigen i Ukraina som medførte at Noreg hadde teke imot nærmare 70 000 flyktningar ved utgangen av 2023. Vi har som sektorstyresmakt vore opptekne av at barn og unge raskt må få gode tilbod i barnehage og skule. Vidare har vi jobba for at omsynet til kapasitet og kompetanse i sektorane våre må vektleggjast i mottaks- og busetjingsarbeidet. For å følgje situasjonen med ukrainske nykomne har vi hatt jamlege møte med KD og statsforvaltarane om situasjonen.

Vi har bidrege inn i fleire oppdrag om mobilisering og rekruttering til arbeid for nykomne frå Ukraina. Vi har òg hatt nye roller på minoritetsfeltet gjennom å bidra i oppdrag som omhandlar arbeidsmarknadstiltak for å få nykomne raskt i arbeid, og gjennom å starte utvikling av ein støtteressurs for vaksne som ønskjer å arbeide i sektorane våre.

I 2023 har vi hatt stor aktivitet når det gjeld utvikling av støtte og rettleiing på feltet, og tiltak for å styrkje språkutvikling blant minoritetsbarn. Gjennom arbeid med fagsamlingar for sektor har vi vidareutvikla samarbeidet vårt med NAFO, noko som bidreg til å styrkje støtte- og rettleiingstiltaka våre. Vi vil framover sjå dette i samanheng med støtte til innføring av ny opplæringslov.

Vi har i løpet av året styrkt kunnskapsgrunnlaget om barnehage- og opplæringstilbodet for nykomne barn og elevar generelt, og barn og elevar frå Ukraina spesielt. Kunnskapsgrunnlaget viser at det er til dels store variasjonar i kapasitet og kompetanse på feltet mellom og internt i kommunar og fylkeskommunar. Statsforvaltarane formidlar at kommunar strekkjer seg langt for å gi tilbod.

Nasjonale minoritetar

Direktoratet forvaltar midlar til ulike tiltak for nasjonale minoritetar i grunnopplæringa, i tillegg til støtte til utvikling av læremiddel i faget kvensk eller finsk som andrespråk, til kvenske prosjekt i barnehagen og til

grunnopplæring for romar i Lørenskog kommune. Det har vore rekordstor søkning på midlane både til utvikling av læremiddel og til barnehageprosjekta. Omprioriteringar internt medførte at vi kunne innvilge alle søknadene som hadde komme innan fristen, noko som har vore eit stort løft for både språk og fag. Saman med ei revitalisering av prosjektet med kvensk på den digitale læringsplattforma digilær.no vil dette kunne bidra til å oppfylle forpliktingane våre knytte til kvensk språk og på sikt bidra til å betre rammevilkåra for kvensk eller finsk som andrespråk. Statistikken vår om talet på elevar som tek kvensk eller finsk som andrespråk, viser at i denne kategorien er elevtalet framleis lågt og fallande totalt sett, men med ein auke i delen som tek kvensk. Framover òg er det eit auka behov for vidare satsing på kvensk eller finsk som andrespråk. For romar kan midlane til grunnskuleopplæring for romar i Lørenskog og eit førskuleprosjekt for barn med romsk bakgrunn vere viktige bidrag til å betre skulegangen for denne elevgruppa.

Kunnskapsgrunnlaget knytt til korleis det går med barn og elevar frå dei nasjonale minoritetane i barnehagar og skular, er avgrensa, då vi ikkje registrerer personar på bakgrunn av etnisitet. Vi har statistikk om talet på elevar som tek kvensk eller finsk som andrespråk. I tillegg er tilbakemeldingar og innspel frå organisasjonane for dei nasjonale minoritetane og andre som jobbar tett på, viktige kjelder til kunnskap. NIM-rapporten Holdninger til samer og nasjonale minoriteter (2022) og rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen (2023) er òg sentralt kunnskapsgrunnlag. Det er behov for meir kunnskap om dei nasjonale minoritetane i barnehagar og skular.

Det finst ikkje éi løysing på dette feltet. Tilnærminga vår har vore at fleire mindre tiltak saman kan utgjere ein forskjell. Framover vil vi sjå på korleis vi kan justere og vidareutvikle tiltaka våre på området.

Kriminalomsorga

Riksrevisjonen si undersøking av helse-, utdannings- og velferdstilbodet til innsette i fengsel (2022) viser at innsette ikkje får tenester som sikrar eit godt grunnlag for tilbakeføring til eit sjølvstendig liv, og at tenester i liten grad er koordinerte. For å bidra til at innsette i fengsel skal få tenestene sine, basert på kunnskap om behova og rettane til målgruppa, har vi i 2023 samarbeidd med Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Husbanken og Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI). Statsforvaltaren i Vestland deltek òg i dette samarbeidet, ettersom Utdanningsdirektoratet har delegert ansvar til dette embetet på området.

Våren 2023 utarbeidde direktorata saman ein felles plan for oppfølging av funna til Riksrevisjonen. Planen inneheld hovudsakleg forbetringstiltak som er skalerte for å kunne gjennomførast innanfor dei gjeldande rammene til direktorata. Grunna tilretteleggjarrolla til kriminalomsorga er KDI involvert i dei fleste av tiltaka. Dette utfordrar tilgjengelege utviklingsressursar i KDI og medfører i nokre tilfelle avgrensa framdrift. Planen inneheld hovudsakleg forbetringstiltak som er skalerte for å kunne gjennomførast innanfor dei gjeldande rammene til direktorata.

I 2023 har Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet samla seg om eit innovativt prosjekt, støtta av Stimulab. Dette prosjektet skal

i 2024 samle tilsette, brukarar, samarbeidspartnarar og bidragsytarar på tvers av verksemdar for å utforske, teste og forankre gode og berekraftige løysingar.

Direktorata har i 2023 sett behov for å vidareutvikle organiseringa av det nasjonale samarbeidet gjennom ein ny struktur for leiarforankring, samhandling og koordinering. Dette gjennom etablering av ei styringsgruppe og ei nasjonal koordineringsgruppe for etatssamarbeidet. Gruppene blei konstituerte i januar 2024.

Likestilling

Utdanningsdirektoratet har fleire tiltak som handlar om likestilling, elevmedverknad, rasisme / hatefulle ytringar og diskriminering. I 2023 har vi mellom anna jobba med Dembra skule, Dembra lærarutdanning og innhald i kompetansepakker. Vi har òg hatt mange bidrag i arbeid på tvers av nasjonale styresmakter, til dømes i JD, KUD, Bufdir og IMDI sine handlingsplanar og utgreiingar. I tillegg har vi bidrege inn i opptrappingsplanar mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar, mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Utvikling i sektor på sentrale område

Utdanningsdirektoratet jobbar med vidareutviklinga innanfor heile porteføljen. Det er likevel nokre område som skil seg ut som sentrale for vidareutvikling i 2024. Dette er arbeidet med å innføre ein ny opplæringslov, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og påverknad frå digitalisering og teknologisk utvikling. I dette kapittelet følgjer ei framstilling av status og utfordringar på desse områda.

Innføring av ny opplæringslov

Som beskrive innleiingsvis i del III er regelverksetterlevinga framleis for låg i sektor. Manglande regelverksetterleving fører til at mange elevar ikkje har eit godt nok utbytte av opplæring, og at dei ikkje opplever at skulemiljøet er tilstrekkeleg trygt og godt. Derfor har vi vurdert det slik at ny opplæringslov, som skal tre i kraft i august 2024, er meir enn justeringar i lovverket. Vi ser på innføring av ny opplæringslov som ei moglegheit til å klargjere eksisterande lovverk og til å gjere regelverket meir kjent og meir tilgjengeleg enn i dag. I samband med ny lov har vi dermed arbeidd innanfor to hovudspor: forskriftsarbeidet og dessutan støtte til innføring.

Forskriftsarbeidet

I tildelingsbrevet for 2021 fekk vi i oppdrag å utarbeide forskrift til ny opplæringslov og forslag til endringar i forskrift til privatskulelova (oppdrag 2021-002). I 2023 har dette arbeidet vore høgt prioritert i direktoratet.

Utgangspunktet for forskriftsarbeidet har vore å oppdatere forskrifta slik at ho er i samsvar med ny

opplæringslov. Vi har vore opptekne av at reglane i den nye forskrifta skal vere enkle å finne, forstå og følgje. For å sikre ein god språkleg samanheng mellom lova og forskrifta har direktoratet fått god hjelp av Språkrådet med forskriftstekstane. Det har vore krevjande å harmonisere språket i forskrifta med den nye opplæringslova, der ord og uttrykk forandra seg fram til lova blei vedteken av Stortinget i juni. I tillegg er det framleis ikkje tilstrekkeleg harmoni mellom krava til klart og korrekt språk i språklova, og dei krava som blir stilte til språk i Justisdepartementet si rettleiing om lov- og forskriftsarbeid, Lovteknikk og lovforberedelse.

Mange av dagens forskriftsføresegner er foreslått ført vidare, men det har òg vore behov for å gjere endringar og leggje til nye føresegner. Dette kjem særleg av den nye og utvida retten til vidaregåande opplæring (fullføringsretten) og innføringa av modulstrukturerte læreplanar for vaksne. Arbeidet har vore tidkrevjande, og direktoratet har òg involvert og samarbeidd med ulike eksterne aktørar, eksempelvis Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), statsforvaltarane, fylkeskommunar og SRY. Med bakgrunn i ønske frå særleg partane i arbeidslivet hadde vi fleire møte med ei eiga arbeidsgruppe oppretta av SRY, der forslag til nye føresegner blei diskuterte.

Direktoratet sende forslag til forskrift til ny opplæringslov til Kunnskapsdepartementet i juni 2023. Forslag til ny forskrift i privatskulelova blei ettersendt til departementet i august. Forslag til forskrift til ny opplæringslov og forslag til ny forskrift til privatskulelova blei sende på høyring 17. november, som var seinare enn opphavleg planlagd. Forseinkinga gjer at forskrifta blir fastsett seint, noko som gir sektoren lita tid til å setje seg inn i ny forskrift. Dette er uheldig og vil òg innverke på arbeidet vårt med støtte til innføring av nytt regelverk fram mot iverksetjinga. Konsekvensen er mellom anna at omfanget av implementeringsaktivitetar før iverksetjinga i august 2024 blir lågare. For å avhjelpe dette noko har vi gjennomført fleire informasjonsmøte om høyringa fram mot høyringsfristen 18. februar 2024. Formålet er at desse informasjonsmøta skal bidra til auka bevisstgjerings om forskriftsforslaga og til å avklare eventuelle misforståingar. Sein fastsetjing av forskrifta innverkar òg på moglegheita til å utvikle statistikk i tråd med ny opplæringslov, slik tildelingsbrevet for 2024 ber direktoratet om.

Støtte til innføring av ny opplæringslov og forskrift

Sommaren 2023 blei ny opplæringslov fastsett. I arbeidet med støtte til innføring av lova har vi brukt Probas rapport Kunnskapsgrunnlag om etterlevelse av opplæringsloven (2023) aktivt for å velje tiltak og verkemiddel. Rapporten underbyggjer at dei største utfordringane med regelverket dreier seg om tilpassa opplæring, spesialundervisning, skulemiljø, kompetansekrav for lærarar og klassestorleik (lærarnorma), og dessutan vurdering av elevar. Kunnskapsgrunnlaget peikar først og fremst på ressurs- og kapasitetsproblem blant faktorane som hindrar etterleving. Ulik økonomi og ulik prioritering i kommunar og fylkeskommunar gjer at det blir store forskjellar i tilbod til og oppfølging av barn og unge. Med tanke på det store etterslepet i regeletterlevinga er arbeidet krevjande. Derfor har det vore viktig for oss å formidle at enkelte delar av regelverket bør prioriterast først, uavhengig av om det er nytt eller ikkje. Dette ber òg tildelingsbrevet til statsforvaltarane preg av. Det er heller ikkje tilstrekkeleg med berre informasjon om nytt regelverk på udir.no, vi jobbar med å prøve ut nye tiltak og bruke alle tilgjengelege verkemiddel. Dette er òg

bakgrunnen for at vi meiner det er nødvendig å sjå på tiltak både på kort sikt, fram mot iverksetjing av ny opplæringslov, og på lang sikt. Arbeidet vil dermed strekkje seg langt utover innføringa av ny lov i 2024.

Våren 2023 hadde vi workshopar for statsforvaltarane der vi mellom anna dukka nærmare ned i funna frå Proba og fekk ytterlegare kunnskapsgrunnlag. Sommaren 2023 blei ny opplæringslov fastsett. Hausten og vinteren 2023 har vi fokusert på å rigge støttearbeidet fram mot iverksetjing. Vi har bygd vidare på ei informasjonsside på udir.no som skal bestå av informasjon sektoren bør ha før iverksetjing. Der ligg det informasjon om mellom anna lovprosessen, kva som er nytt i ny lov, nye ord og omgrep og kva kommunar og fylkeskommunar må førebu seg på. Høyringa av nye forskrifter ligg òg her. Denne sida vil vi vidareutvikle fram mot iverksetjing.

Vi har starta arbeidet med å revidere eksisterande informasjon på udir.no slik at informasjonen er oppdatert når den nye lova trer i kraft. Vi vurderer òg behovet for nye tekstar om regelverk, og nye støtteressursar. Ved innføring av ny lov skal regelverket i utgangspunktet berre omtalast på regelverkssidene våre. Vi vurderer òg behov i sektoren for informasjon og rettleiing om anna sentralt regelverk som har noko å seie for regelleveringa i barnehagar og skular, som forvaltningsreglar, og vi har publisert ein ny rettleiar om internkontroll for barnehage- og opplæringssektoren.

Vi har halde ei rekkje innlegg om ny lov og om støttearbeidet. I løpet av hausten har vi hatt workshopar og samarbeidsmøte med både KS, lærarorganisasjonane, FUG, Elevorganisasjonen og Barneombodet og med utdanningsdirektørane. Vi har òg planlagt ei samling for statsforvaltarane våren 2024.

Vi har oppretta eit samarbeid med Lovdata om ein pilot om å lage og kunngjere lokale forskrifter. Vi har innhenta kunnskap frå Bufdir om erfaringane deira med implementering av ny barnevernslov, og hatt møte med Statped som ønskjer kompetanseheving på regelverket.

Vi har planlagt å sjå nærmare på bruk av filmar og andre kommunikasjonskanalar på ulike regelområde, og vi er i gang med å utarbeide eit konkurransegrunnlag for å skaffe leverandør som skal gjere ei ekstern evaluering av innføringa av opplæringslova og støttetiltaka. Vi planlegg òg fleire tiltak i samarbeid med statsforvaltarane for å sikre raske og like svar på spørsmål om det nye regelverket, og vi jobbar òg med å stimulere til nettverk for kommunar og fylkeskommunar som statsforvaltarane skal koordinere.

Bruk av kunnskapsgrunnlag i sektorane

Utdanningsdirektoratet sørgjer for oppdatert kunnskap om dei mest sentrale områda på barnehage, grunnopplæring og vaksne. Det skjer dels gjennom årlege statistikkar som GSI, Basil, VIGO og brukarundersøkingar, og dels gjennom ulike forskingsoppdrag som kartlegg og evaluerer større endringar og satsingar i sektorane våre.

I 2023 har vi henta meir kunnskap gjennom forskingsoppdrag om tema som fagfornyninga, nye rammeplanar i barnehagen og SFO, og innføringa av desentraliserte kompetanseordningar. Vi har òg gjennomført eigne undersøkingar knytte til situasjonen for ukrainske barn og unge. Det blei i tillegg sett i

gang fleire nye prosjekt. Vi undersøker korleis barnehagesektoren forstår, formidlar og etterlever det nye regelverket om psykososialt barnehagemiljø, vi har sett i gang fleire forskingsbaserte utprøvingar på vurderings-/eksamensfeltet, og vi set i gang forskning for å få meir kunnskap om korleis barn og elevar trivst i barnehage og skule. Vi set òg i gang eit forskingsprosjekt i samarbeid med Statped for å få meir kunnskap om korleis bruk av læremiddel og læringsressursar for elevar med sansetap bidreg til inkluderande læringsfellesskap.

Vi ser behov for meir kunnskap om sluttvurdering og har derfor fremja eit forslag til KD om å setje i gang ei større satsing på dette feltet. Vi held fram dialogen med KD om korleis vi kan innrette ei slik satsing på ein god måte. Vi har fått eit nytt oppdrag om å etablere eit forskingsprogram for målretta forskning på tema for og om digitalisering og digital kompetanse i sektor. Oppdraget kom seinhaustes, og arbeidet med dette er derfor skyvd til 2024.

I løpet av året publiserte vi 52 ulike typar rapportar, som undervegsrapportar frå forskings- og evalueringssprosjekt, kartleggingsrapportar og større avsluttande rapportar. Alle blei formidla på udir.no, der vi prioriterte avsluttande rapportar. I tillegg gjennomførte vi formidlingsaktivitetar knytte til ein del av rapportane, som pressemeldingar, presseseminar og fagseminar.

Nye resultat frå PIRLS blei publiserte i mai, og resultat frå PISA og ICCS blei publiserte november og desember. I alle desse studiane presterte norske elevar svakare enn før. Vi ser at resultatata har hatt eit breitt nedslagsfelt i media og allmenta, og at resultatata blir diskuterte på både sentralt og lokalt nivå.

I november 2023 gav vi ut magasinet Vetuva, som formidlar ny relevant forskning til tilsette i barnehagar. Tidlegare evalueringar har vist at innhaldet i dette magasinet blir opplevd som nyttig av brukarane. Vi planlegg ei ny evaluering av magasinet i 2024.

Resultata frå Elevundersøkinga blei publiserte i januar, med nokre endringar i forhold til tidlegare publiseringar. Formålet var mellom anna å vareta personvernet til elevane. Endringane innebar auka skjerming av data, at skulane fekk resultatata litt seinare enn før, og at resultatata blei presenterte på ein annan måte. Det medførte at ein del kommunar og skular ikkje kunne sjå sine egne resultat, noko som skapte reaksjonar. Vurderinga vår i ettertid er at vi kunne ha kommunisert årsaka til endringane på ein betre måte, og at vi i for liten grad føresåg problema som oppstod lokalt. Hausten 2023 gjorde vi derfor fleire grep før ny gjennomføring av Elevundersøkinga. Vi innførte ny løysing for administrering og gjennomføring, med tilgangsstyring i Altinn. Vi gjennomførte fleire webinar og dialogmøte, og vi oppdaterte nettsidene med videoar og brukarretteiingar. Gjennomføringa på ny løysing denne hausten har gått fint, og det ser ut som endringane og kommunikasjonen har ført til at brukarane i større grad får sjå resultat frå eigen skule, og har ei betre forståing for dei avgrensingane som blir gjorde av omsyn til mellom anna personvernet til elevane.

Vi er òg i gang med å utvikle ei ny innsamlingsløysing for GSI og BASIL. Desse skal ferdigstillast i løpet av 2024.

Vi vurderer det slik at vi stort sett har kunnskap om dei sentrale områda i sektorane, men at det framleis er eit potensial for å omarbeide og formidle kunnskapsgrunnlaget på ein måte som gjer det lettare for skuleeigarar og barnehageeigarar å ta det i bruk. Vi vil derfor utforske nye konsept for formidling, slik at sektoren opplever at kunnskapsgrunnlaget er tilgjengeleg og relevant å ta i bruk.

Digitalisering og teknologisk utvikling

Teknologiske endringar skjer raskare enn før og har meir inngripande effekt på samfunnet og grunnopplæringa. Ny teknologi, og særleg kunstig intelligens (KI), skaper moglegheiter for læring og utvikling, men kan òg ha negative konsekvensar for demokrati, deltaking, likebehandling og personvern. Vi veit heller ikkje nok om korleis dette påverkar læringa hos barn og unge. Ny teknologi får følgjer for både kva barn og elevar treng å lære, og kva dei må vernast mot. Dermed får han òg konsekvensar for kompetansebehova til tilsette i barnehagar og skule og på kommunalt nivå. Det er stor variasjon blant norske kommunar, mellom anna når det gjeld storleik, noko som gir ulike føresetnader for å handtere kompliserte problemstillingar knytte til til dømes informasjonssikkerheit og personvern. Akkurat no er generativ kunstig intelligens eit døme på ein teknologi som utfordrar eksisterande strukturar og praksis både i skule og i anna samfunnsliv. Det nasjonale ansvaret vi har for grunnopplæringa, tilseier at vi treng å forstå dei negative konsekvensane av KI, samtidig som vi utforskar moglegheitene som KI kan ha for enkeltmennesket, skulen og samfunnet.

Den teknologiske utviklinga vedkjem arbeidet vårt på fleire måtar. Vi får mange oppdrag knytte til digitalisering og teknologisk endring, som til dømes å gi tilrådingar om regulering av mobiltelefonar og smartklokker i skulen, bruk av kunstig intelligens og skjerming mot skadeleg innhald. I tillegg har vi oppdrag om å utvikle støttetjenester for vurdering av personvern, informasjonssikkerheit og universell utforming, og dessutan å utvikle ein tenestekatalog. Dette er døme på oppgåver og ansvar som i dag ligg hos skuleeigar, men der kompleksiteten i oppgåvene har blitt større enn det kvar enkelt kommune har høve til å handtere på eiga hand. Mange av problema vedkjem fleire aktørar samtidig, og er av ein slik art at lokal oppgåveløysing blir lite effektivt. Indirekte får dette konsekvensar for rolla til direktoratet og innretninga på verkemidla våre. Dette har vi utdjupa i oppdrag om handtering av konsekvensane av teknologiske endringar for grunnopplæringa, som blei sendt over til Kunnskapsdepartementet 1. mars 2024. I tillegg undersøkte vi i 2023 kva behov og forventningar sektoren har på dette området, og leverte ei førebels oppsummering av dette og dei dilemmaa det medfører til departementet. Arbeidet med å sjå på korleis dette kan påverke rolla vår og verkemidla våre, held fram inn i 2024, og må sjåast i samanheng med mellom anna tiltaka under Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule.

I tillegg til å følgje opp digitaliseringsstrategien og aktive oppdrag har vi i 2023 arbeidd vidare med dei faste oppgåvene våre innanfor digitalisering. Her er dei sektorretta digitale tenestene våre sentrale, mellom anna systema for prøver og eksamen, brukarundersøkingar, tilskot og statistikk. Forvaltninga av slike tenester har dette året vore prega av konsolidering og modernisering av eksisterande tenester, og dessutan profesjonalisering av forvaltningsapparatet. Ei utfordring med dei sektorretta tenestene våre er at gevinstpotensialet primært ligg utanfor handlingsrommet vårt. Dette inneber at Utdanningsdirektoratet i

liten grad kan hauste gevinstar av nye investeringar, samtidig som at kostnadene for investeringane stadig aukar. Både teknologiutviklinga, eksterne forventningar og tekniske utfordringar føreset ei kontinuerleg fornying og forbedring av tenestene. Dette legg press på budsjetttrammene våre. Samtidig må vi òg gjere gode val knytte til sourcing på dette området.

Ei anna viktig oppgåve innan digitalisering er forvaltninga av Feide og arbeidet med relevante standardar. Eitt av tiltaka her har vore tilrettelegging for deling av opplysningar om gruppetilhøyrse mellom skuleadministrative system og Feide. Ein konsekvens av aukande bruk av digitale løysingar for elevane er at føresette opplever å ha mindre innsyn i skulearbeidet til elevane. Vi arbeider derfor med å leggje til rette for at føresette får auka tilgang til arbeidet til elevane via Feide. Dette er eit langsiktig arbeid der vi no legg grunnen for å starte med å levere tenester til mange brukarar i 2024 eller 2025.

Vi arbeider kontinuerleg med utvikling og innføring av standardar for deling av data om læring og læremiddel. I 2023 har vi innført ei norsk tilpassing av OneRoster – ein internasjonal standard for organisering av skule og læring.

Andre styringsparametrar

Sektorane sin bruk av nasjonale fellesløysingar og standardar

Utvikling og forvaltning av fellesløysingar i sektorane er ein av dei faste oppgåvene til Utdanningsdirektoratet, gitt gjennom verksemds- og økonomiinstruksen. Fellesløysingar er eitt av fleire verkemiddel som legg til rette for auka samhandling mellom aktørane i sektoren, effektiv tenesteproduksjon og tilgang til funksjonalitet som kvar enkelt aktør ikkje er i stand til å utvikle og forvalte på eiga hand. Fellesløysingar kan òg vere eit tiltak for å møte mandatet til direktoratet om å sikre eit likeverdig tenestetilbod på tvers av geografiske og sosiale skilje.

Feide er den viktigaste nasjonale fellesløysinga til grunnopplæringa, og tryggjer sikker innlogging og datadeling. I utdanningssektoren var det 1,5 mill. brukarar av Feide i 2023, ein auke på 200 000 frå året før. Gjennom året var det 216 mill. innloggingar, og 156 mill. av desse var frå brukarar i grunnopplæringa.

Mange leverandørar har i 2023 publisert sine underlag til tilgjengelegheitserklæringar i Feide kundeportal. Tilbakemeldinga frå skuleeigarar er at dette har støtta dei i vurdering av UU-status på læremiddel. Det er vedteke at desse tilgjengelegheitserklæringane skal migrerast inn i UU-tilsynet si løysing for tilgjengelegheitserklæringar når ho er ferdig utvikla. I 2023 har Feide kundeportal i tillegg pilotert underlag til databehandlaravtalar og risikovurderingar.

Bruk av digitalt pedagogisk barnehagemateriell og digitale læremiddel i sektoren

Totalt er 276 digitale tenester tilgjengelege for grunnopplæringa gjennom Feide. Dette er digitale

læremiddel, læringsverktøy og læringsmateriell som leverandørane publiserer gjennom Feide. Elevane får tilgang gjennom Feide-innlogginga si.

Sektorane sin bruk av verktøya og publiseringane til direktoratet

Vi jobbar med mange ulike typar verktøy og publiseringar mot sektor. Fleire av desse er omtalte ulike stader i del III, medrekna ulike typar kompetansepakker. Nettressursane som ligg på udir.no, er òg gjenstand for kontinuerleg forbetring og vidareutvikling. Dette er nærmare omtalt i andre kapittel i del III. Vi leverer òg digilær.no, som er ei nasjonal plattform for nettundervisning med nettlærarar. Hausten 2023 tok vi inn 320 elevar i forsering matematikk 1T. For tospråkleg fagopplæring blei det teke opp totalt 300 elevar, av desse 20 elevar til grunnprosjektet arabisk, tigrinja og somali og 230 elevar i ukrainsk.

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for ståstadanalyse for skule og PPT, og vi har òg starta opp eit arbeid med å utvikle ståstadanalyse for SFO. Ståstadanalysen er eit prosessverktøy for støtte til kvalitetsarbeid. Verktøyet skal bidra til å vurdere og analysere ståstaden og utviklingsbehovet i eininga. Verktøyet kan styrke profesjonsfellesskapet i skulen, SFO og PPT gjennom å leggje til rette for drøfting av samanheng mellom resultat og praksis. Våren 2023 har vi mellom anna lansert filmar som viser døme på bruk av verktøyet. Vi jobbar òg kontinuerleg med å gjere mindre justeringar og vidareutvikle systemet for å kunne tilby eit brukarretta og godt digitalt verktøy. For skuleåret 2022–2023 var det 780 oppretta ståstadanalysar i alle statsforvaltarembeta. Det er ein auke på 100 fleire oppretta ståstadanalysar frå førre skuleår. Det var 59 av om lag 220 PP-tenester som brukte ståstadanalysen. Vi veit framleis lite om korleis PPT bruker verktøyet, og vil undersøkje dette nærmare som ein del av utviklingsarbeidet.

Hausten 2023 starta vi eit større utviklingsarbeid gjennom eit forprosjekt for verktøya RefLex, kvalitetsvurderingsverktøy (ståstadanalysen) og søknads- og oppfølgingsystem for vidareutdanning (SOPPen). Formålet er å gi sektorane betre støtte og samanheng i arbeidet med kvalitetsutviklingsarbeidet. Det har blitt gjennomført 80 brukarintervju med personar frå barnehage, skule, SFO, PPT, kulturskulen og statsforvaltarar. Forprosjektet har skissert fleire moglege konsept til dei ulike verktøya. Brukarinnsikta og skisser av konsept har gitt oss betre avgjerdsgrunnlag for vidareutvikling av verktøya.

Utdanningsdirektoratet har i 2023 gitt støtte til kompetanseheving for ei ny målgruppe i barnehagefagleg grunnkompetanse. Opplæringa er for nye assistentar utan erfaring og relevant kompetanse, slik at dei får grunnleggjande fagleg påfyll. Opplæringa er utvikla som interaktiv e-læring og blei lansert i august 2023. Over 1000 personar har teke i bruk denne e-læringa.

Økonomisk tilsyn av private barnehagar og private skular

Det overordna målet med det økonomiske tilsynet av private barnehagar og private skular er å sørge for at dei private barnehagane og skulane følgjer og etterlever regelverket, slik at offentlege tilskot og foreldrebetaling kjem barna og elevane til gode. Tiltaka som er sette inn for å oppnå dette, er tilsyn og

eventuell etterfølgjande klagebehandling, rettleiing av den private barnehagesektoren, forslag til regelverksendringar gjennom høyringar og direkte til Kunnskapsdepartementet, og systemutvikling for intern og ekstern bruk.

Utdanningsdirektoratet fekk ansvaret for det økonomiske tilsynet av private barnehagar i 2022. Økonomisk rapportering skjer i etterkant av rekneskapsåra, og det har berre vore éi rapportering etter dette. Vi har sett endringar i kostnadsbiletet for private barnehagar, men det er for tidleg å seie at det er vedvarande eller å konkludere med kvifor det er slik. Truleg vil eksistensen av tilsynet ha ein preventiv effekt i seg sjølv ved at det aukar moglegheita for at regelverksbrot blir oppdaga.

I 2023 blei det opna økonomisk tilsyn med 6 prosent av dei private barnehagane. Tilsyns- og rettleiingsarbeidet har betra Utdanningsdirektoratet si risikoforståing av sektoren. Mange tilsyn er omfattande, og tilsynsprosessen gir rom for tilbakemeldingar, i tillegg til at det er klagemoglegheiter. Dette medfører at ein del av tilsyna går over årsskiftet. Oversikta vår over sektorane aukar etter kvart som tilsynet får meir erfaring med eksisterande og nye tilsynstema.

Vi gjennomførte tilsyn med 19 prosent av dei private skulane i 2023. Temaa vi førte tilsyn med, er i kjernen av skuleverksemda. Slik vi vurderer det, har vi ført tilsyn med relevante tema, og tilsyna har ført til at vi har pålagt endring av praksis der mangelfull regelverksetterleving får store konsekvensar for elevane.

Slik vi oppfattar og forstår risiko i sektorane, ønskjer størstedelen av barnehagane og skulane å etterleve regelverket, og gjer det. Vi ser at den største risikoen for økonomiske regelverksbrot er knytt til transaksjonar som barnehagar og skular gjer med nærståande partar. For små barnehagar og private skular dreier det seg om transaksjonar mellom barnehagen/skulen og eigar på eit personleg nivå. For barnehagar og skular som inngår i konsern eller kjeder, gjeld det i større grad transaksjonar mellom selskap.

Når det gjeld særleg økonomiforvaltninga til skulane, ser vi at sjølv om skulane i utgangspunktet ikkje kan drive eller eige anna verksemd enn skule, er det mange som gjer det. Tilsyna har avdekt manglar knytte til beskriving av handel med nærståande, krav til avdelingsrekneskap, krav til notar, og drift av tilleggsverksemd utan godkjenning. Vi har òg kontrollert og følgt opp alle årsrekneskapane til private skular.

Kommunikasjon

Vi har i 2023 jobba aktivt med å kommunisere meir strategisk i krevjande saker som negative trivsels- og læringsresultat, skulefråvær og kunstig intelligens. Problema som oppstod ved gjennomføring av våreksamen, medførte eit særleg høgt mediepress. I 2023 var Utdanningsdirektoratet nemnd i 8445 mediesaker, ein auke på 48,5 prosent frå 2022. I tillegg hadde vi ein stor auke i presseførespurnader, og i løpet av året fekk vi 545 førespurnader frå ulike medium. Fleirtalet av førespurnadene handla om eksamenstrøbbel, elevundersøkinga, mobbing og fallande læringsresultat.

For å dele kunnskapsgrunnlaget og sikre at det har nytteverdi for målgruppene våre har vi i 2023 jobba med formidling gjennom ulike format. Vi har vore særleg opptekne av å gi klare tilrådingar og råd til barnehage- og skulesektoren. På hausten gjennomførte vi ei spørjing, og resultatet viser eit tydeleg ønske om meir analyse og råd frå nasjonale styresmakter for å støtte og rettleie dei som jobbar i sektorane.

Ein viktig føresetnad for at verkemidla til direktoratet skal ha effekt, er at vi når ut med støtte og rettleiing til sektorane. Vi bruker ein miks av kanalar for å kunne tilpasse ulikt innhald til ulike målgrupper. Udir.no er den mest besøkte kanalen vår, med over 11 millionar besøk i 2023. I tillegg gjennomførte vi 203 masseutsendingar med informasjon til nytte for ulike aktørar og arbeidet deira i barnehage- og skulesektoren. Vi deler òg råd og kunnskap gjennom andre kommunikasjonskanalar, som sosiale medium, pressemeldingar og nyheitsvarsel, og dessutan arrangement og webinar. Kommunikasjonsaktivitetane våre er òg ein lyttepost som gir verdifull innsikt i tematikk og problemstillingar som vedkjem sektorane våre.

For å sikre meir heilskap og samanheng i kommunikasjonen frå direktoratet starta vi hausten 2023 eit arbeid med å skape heilskapleg design i dei sektorretta digitale tenestene våre. Kartlegging viser at det er stor variasjon i design av tenestene, og at dagens designprofil manglar føringar for digitale tenester. Mangelen på heilskap gir utfordringar knytte til brukarvennlegheit, og medfører at arbeid med design og kode blir gjort dobbelt. For å løyse desse utfordringane er vi i gang med å etablere eit felles designsystem i Utdanningsdirektoratet. Målet er å skape ei betre brukaroppleving ved å gjere det enklare for målgruppene våre å orientere seg i dei digitale tenestene, og samtidig forenkla og effektivisere arbeidet med utvikling og forvaltning av tenestene.

Del IV Styring og kontroll

Overordna vurdering av styringa

Styring av Utdanningsdirektoratet tek utgangspunkt i regelverk for økonomistyring i staten, verksemds- og økonomiinstruksen for Utdanningsdirektoratet, og det årlege tildelingsbrevet med tilleggsbrev gjennom året. Budsjettprosessen for direktoratet følgjer eit fast årshjul som er tilpassa den statlege budsjettprosessen.

Utdanningsdirektoratet har ei forsvarleg drift med god økonomistyring og tilfredsstillande regeletterleving. Samtidig har vi gjennom året som har gått, identifisert område med potensial for forbetring i verksemdsstyringa. Det viktigaste området dreier seg om strategisk styring. Direktoratet har ein brei portefølje og svært mange aktivitetar på ulike område. Dette medfører ein risiko for at arbeid blir fragmentert og lite målretta. Ettersom dei økonomiske ressursane i direktoratet er under press, og barn og unges lærings- og trivselsresultat er i negativ utvikling, er det behov for tydelegare prioriteringar internt i verksemda. I 2023 har vi teke grep for å få til dette, mellom anna gjennom å gjennomføre evalueringar i alle avdelingar for å få eit betre grunnlag for styring. Saman med KD starta vi òg ein prosess for nye mål for direktoratet. Måla skal mogleggjere meir heilskapleg styring og eit betre grunnlag for prioriteringar i

tida framover. Basert på dei nye måla planlegg vi i 2024 mellom anna å vidareutvikle verksemdsstyringa i direktoratet.

Endringar i verksemdsstyringa vår vil òg påverke etatsstyringa i departementet. Det er eit mål for oss at forbetringane skal gi rom for auka strategisk dialog mellom departement og direktorat. Som ledd i det har vi i 2023 òg bidrege inn i det felles prosjektet om styring, kommunikasjon og samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Når det gjeld tilskotsforvaltning, tilskotskontroll og styring av underliggjande verksemder, viser vi til eigne rapportar til departementet med frist 28. april 2023.

Risikovurdering i 2023

Risikovurderinga til Utdanningsdirektoratet er i stort ikkje endra sidan tidlegare leveransar til departementet, i andre tertialrapport og i dialogen om tildelingsbrev for 2024. Det er vesentleg risiko knytt til regelverksetterlevinga i sektor, mellom anna innanfor områda barnehage- og skulemiljø og innanfor spesialpedagogikk og spesialpedagogisk støtte. For å minimere risikoen arbeider vi innanfor sporet av støtte til innføring av ny lov, i form av tiltak for å auke kunnskap og kompetanse om regelverk i sektor. Samtidig er vi kjende med at kapasitet og ressursar er blant dei viktigaste forklaringane på kvifor skuleeigar og barnehageeigar ikkje sikrar betre regelverksetterleving. Dermed vil risikoen, sjølv med planlagde tiltak tekne i betraktning, vere høg.

Det er også høg risiko knytt til eksamensgjennomføringa, noko som departementet har blitt informert løpande om. Vi har jobba tett og strukturert med oppfølging av statsforvaltarane på området og foreslått konkrete tiltak for våreksamen 2024. I tillegg er det gjort omfattande testing og teknisk forbetring av systema til Utdanningsdirektoratet. Dette blir omtalt meir utførleg i del III av årsrapporten.

Vi vurderer vidare at det er moderat risiko knytt til læring, trivsel og motivasjon i skulen, til digitaliseringsambisjonen og til absorberingsevna av vedtekne og nye tiltak i sektor. Både innanfor digitalisering, læring og trivsel får vi mange oppdrag frå departementet. Mange og fragmenterte oppdrag medfører i seg sjølv ein risiko for at ressursane i direktoratet i for stor grad kan bli brukte på oppdukkande og spreidde behov, utan ei tydeleg retning. Vi ønskjer derfor å bruke målprosessen og styringsdialogen som er sett i gang, til å diskutere ambisjonsnivå og prioriteringar med Kunnskapsdepartementet.

Innanfor internkontroll er IT-styring blant dei risikoane vi jobbar mest med. Systemporteføljen til Utdanningsdirektoratet innanfor IT er omfattande og prega av å ha vore utvikla i fleire fasar, til ulike formål og av mange aktørar. Over tid har dette resultert i ei fragmentering av porteføljen, som er kostnadsdrivande. Derfor jobbar vi med å sikre heilskapleg styring av dette området, mellom anna gjennom å arbeide tverrgåande i team for IT-styring. For 2024 er det òg eit mål å setje i verk i større grad metodisk porteføljestyling som skal omfatte dette området.

Informasjonsforvaltning er eit anna fagfelt innanfor internkontroll der det blir jobba med vidareutvikling.

Det er eit viktig område med mange interessentar, som kjem inn på både omsyn til informasjonssikkerheit, personvern og tilgjengeleggjering av informasjon i notid og framtid. I 2023 er det gjort mange aktivitetar på området, som å publisere informasjon om datasett i Felles datakatalog, lage oversikt over bevaring og kassasjon for datasett i Utdanningsdirektoratet, og dessutan sletting av overflødige data.

Styring av statsforvaltarane på utdanningsområdet

I 2023 har samarbeidet med og styringa av statsforvaltarane vore prega av mellom anna utfordringar knytte til gjennomføring av eksamen vår 2023 og oppfølging av ukrainske flyktningar.

Vi har hatt tett kontakt og samarbeid med statsforvaltarane om oppfølginga av barnehage- og skuleeigarar, og gjennom jamleg rapportering har dei beskrive tilstanden i sektoren. Statsforvaltarane har bidrege til at barn og elevar får innfridd rettane sine òg i situasjonar med stort press på skular og barnehagar.

Vi gjennomførte to styringsmøte i 2023, med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og med Statsforvaltaren i Vestland. Der det har vore behov, har vi gjennomført digitale fagmøte med ein eller fleire utdanningsdirektørar. I tillegg har vi gjennomført tre felles fagmøte med alle utdanningsdirektørane til stades.

Styring av Dei samiske vidaregåande skulane og Sørsamisk kunnskapspark

Direktoratet er etatsstyrar og skule- og verksemdseigar for Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino og Årjelsamien vierhtiesåafoe / Sørsamisk kunnskapspark. Dei vidaregåande skulane skal gi eit landsdekkjande opplæringstilbod på samisk, i tillegg til å gi fjernundervisning i nordsamisk.

Årjelsamien vierhtiesåafoe / Sørsamisk kunnskapspark tilbyr samisk språkoplæring i form av fjernundervisning og språksamlingar. I 2023 har direktoratet hatt tett oppfølging av begge verksemdene, både som etatsstyrar og administrativt og fagleg som eigar. Begge skulane har fått kompetanseheving i skulemiljøsaker, då det er eit særleg risikofylt område. I 2023 har vi nytta mykje tid på å klargjere kva som er oppdraget for Årjelsamien vierhtiesåafoe / Sørsamisk kunnskapspark. Departementet har gjennomført konsultasjonar med Sametinget der direktoratet har vore observatør. Konsultasjonane held fram i 2024. Det er avgjerande for verksemda at eit omforeint mandat kjem på plass så raskt som mogleg.

Fellesføringar og krav til årsrapporten

Lærlingar og studentar

Direktoratet er knytt til opplæringskontoret OK stat og har som mål å ha åtte lærlingar i ulike lærefag. Dette svarer til meir enn to lærlingar per hundre tilsette, som er godt over målet i tildelingsbrevet, og eit relativt høgt nivå i statleg samanheng. Vi vurderer at dette er den øvre grensa for kva som er formålstenleg med tanke på å kunne yte god og relevant opplæring og oppfølging.

I 2023 har målet blitt nådd, då direktoratet hadde åtte lærlingar. Det blei rekruttert fem nye lærlingar i fire ulike lærefag, noko som er ein auke med éin lærling frå 2022. Alle lærlingane fekk opplæring på lokasjonen vår i Oslo i 2023. Det blir gjort ei årleg vurdering for rekruttering på andre lokasjonar.

Direktoratet har oppnådd godkjenning i eitt nytt lærefag i 2023, og gir no opplæring i følgjande:

- service- og administrasjonsfaget
- IT-driftsfaget
- IT-utviklarfaget
- mediedesignfaget

Konsulentbruk

Konsulentdelen av dei samla driftsutgiftene til Utdanningsdirektoratet på alle kapittel og postar i 2023 var på 15,3 prosent. Dette er ein nedgang på 3 prosentpoeng samanlikna med året før. 97,6 prosent av konsulentbruken, som for 2023 utgjorde 228 mill. kroner, som var ein nedgang på om lag 30 mill. kroner frå 2022, er relaterte til direktoratet sine tildelingar på barnehage- og skulefaglege postar. Desse består av mange ulike satsingar og tiltak, og med varierende varigheit og budsjettmessige storleikar. Det vil derfor vere vanskeleg og lite tenleg for direktoratet å ha eigen kompetanse innanfor denne porteføljen.

På driftspost til direktoratet, kap. 220 post 01, blei konsulentbruken redusert frå 6,4 mill. kroner i 2022 til 5,5 mill. kroner i 2023, ein nedgang på 14 prosent som i hovudsak kjem av mindre konsulentbruk innanfor utvikling av programvare, IKT-løysingar osv. Om lag 0,4 mill. kroner av dette blei brukt på konsulenttenester til kommunikasjonsrådgiving, design osv.

Konsulentdelen av lønnsutgifter utgjorde 64,5 prosent i 2023, ein nedgang frå 2022 då delen var 80,2 prosent.

Desentralisert arbeid

Utdanningsdirektoratet har ei desentralisert organisering, med kontor i Tromsø, Hamar, Molde og Oslo. Ordning med heimekontor inntil to dagar i veka blir nytta av medarbeidarar som har lang avstand til kontorlokasjon. Dette gjer det mogleg for personar utanfor dagpendlarradius å søkje seg til Utdanningsdirektoratet.

Vi har vurdert å utvide moglegheita for fjernarbeid, det vil seie arbeid som jamleg blir utført frå andre stader enn heimekontor eller kontorlokasjon. På noverande tidspunkt vurderer vi ikkje dette som formålstenleg. Det kjem av at oppgåveløysinga i direktoratet er kjenneteikna av kollektive arbeidsprosessar, der fysisk nærvær er viktig. Nærvær er også vesentleg for å sikre eit godt fagleg og sosialt arbeidsmiljø.

I Tromsø er Utdanningsdirektoratet samlokalisert med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Vi har vurdert om det finst ytterlegare moglegheiter for å tilby kontorplassar i lokala våre i Molde, Hamar og Tromsø for tilsette i andre statlege verksemdar. Vi vurderer det førebels slik at dette ikkje er mogleg, mellom anna på grunn av administrative forhold, tekniske løysingar og arbeidsmiljø.

Klima og miljø

Verksemda til Utdanningsdirektoratet er av ein slik karakter at bidraga våre til redusert klima- og miljøavtrykk i all hovudsak er knytte til reiseaktivitet, anskaffingar og forvaltning av bygg.

Direktoratet har fastsett konkrete mål for omfanget av reiseaktiviteten vår. Vi etterlever staten sin reiseavtale for reiser innanlands og utanlands, der det blir stilt krav om at ein ut frå klimaomsyn alltid skal vurdere om ei reise er nødvendig, før ho blir gjennomført. I tillegg har vi òg interne retningslinjer som skal bidra til at miljøomsyn blir vektlagt ved gjennomføring av reiser, til dømes ved val av transportmiddel. Samanlikna med før pandemien har vi i 2023 redusert reiseverksemd.

Ved gjennomføringa av alle anskaffingane våre vurderer vi konkret om det er relevant og forholdsmessig å stille miljøkrav. Vi har òg i løpet av 2023 inngått statlege fellesavtalar om gjenbruk av møblar og datautstyr, som bidreg til auka berekraft.

Vi vurderer fortløpande om det kan gjerast energisparande tiltak knytte til kontorlokale. Det er inngått ny leigekontrakt for kontorlokasjon i Oslo, der ombygging og reduksjon av areal vil medføre redusert energibruk.

Likestilling og mangfold

Rapportering etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 a er å finne i vedlegg 2 om aktivitets- og utgreiingsplikta.

Sikkerheit og beredskap

Utdanningsdirektoratet har gjennomført kartlegging av verdiane og avhengnadene våre. Verdiane er lagt til grunn når vi gjer risikovurderingar og i beredskapsarbeidet vårt.

Vi reviderer kvart år ROS-analysane våre for IT, personvern og samfunnssikkerheit. Dei områda som er identifiserte med høgast risiko for verksemda, er uønskt tilgang til informasjon, nedetid i system som følgje av angrep, og manglande tilgjengeleg til informasjon.

I 2023 deltok direktoratet saman med Kunnskapsdepartementet i ei øving i regi av Justisdepartementet, og dessutan i den nasjonale øvinga Arctic REIHN. Direktoratet gjennomførte òg ei intern beredskapsøving der toppleiinga i direktoratet og nøkkelpersonar i relevante funksjonar deltok. Dette var dei viktigaste læringspunkta og tiltaka frå den interne øvinga:

- Vi bør gå gjennom og oppdatere tiltakskorta i samsvar med beredskapsplanen.

- Vi bør setje i verk tiltak som sikrar, så langt som mogleg, normal drift av verksemda.
- Vi bør gjennom planverket leggje til rette for at krisestaben i tilstrekkeleg grad vurderer verstefallsscenario og vidare risiko.
- Vi må sikre nødvendig involvering av ressurspersonar innan IT for betre å kunne vurdere risiko og eigna tiltak ved digitale hendingar. Vi må gjere tilsvarande for HR for betre å vareta tilsetteperspektivet.
- Vi bør justere rutinar og praksis for loggføring.
- Det bør leggjast til rette for gode fysiske lokale og tilstrekkelege ressursar.

Direktoratet har gjennom fleire år utarbeidd og forbetra styringssystemet sitt for sikkerheit. Arbeidsområda består av styrande, utførande, kontrollerande og korrigerande tiltak. Vi har som hovudmål å jobbe planmessig og førebyggjande. Styringssystemet omfattar alle element som har noko å seie for sikkerheit, både den fysiske sikkerheita (liv og helse), informasjonssikkerheita og personvernet. Sikkerheitstiltaka er baserte på risikovurderingar og leiinga si styring av risiko.

Vi har i 2023 mellom anna gjennomført tiltak for å kommunisere sikkert når dette krevst ved etablering av Nasjonalt Begrenset Nett, og vi har etablert samarbeid med blant andre NSM og SIKT når det gjeld varsling og handtering av uønskte hendingar. Dette for å fange opp indikasjonar på angrep, redusere skade og konsekvensar, og vere i stand til å komme tilbake til sikker drift så raskt som mogleg.

Helse, miljø og sikkerheit

Måla våre for HMS-arbeidet i 2023 har vore

- godt og helsefremjande arbeidsmiljø
- god risikostyring og beredskap
- trygge og funksjonelle arbeidsplassar

Vi jobbar systematisk for å sikre eit godt arbeidsmiljø i Utdanningsdirektoratet. Ein del av dette arbeidet er årleg HMS-kartlegging og risikovurdering, der vi kartlegg arbeidsmiljøet, vurderer risiko og utarbeider planar og tiltak for å redusere risikoane. Vi gjennomfører medarbeidarundersøkingar og vernerundar annakvart år. I 2023 gjennomførte vi ei medarbeidarundersøking for alle tilsette i direktoratet. Vi vurderer dei samla resultatane som gode, målt opp mot forskingsbaserte tilrådingar og kvalitetsmål for samanliknbare verksemdar. Resultata frå undersøkinga viser at det er forholdsvis små endringar i resultatane for direktoratet samla sett samanlikna med undersøkinga som blei gjennomført i 2021.

Arbeidsmiljøutvalet til direktoratet har regelmessige møte og gjennomfører mellom anna risikovurdering og vurderer tiltak knytte til HMS. I 2023 blei talet på deltakarar i arbeidsmiljøutvalet utvida for å sikre fast representasjon frå alle dei fire arbeidslokasjonane våre.

Gjennom året har vi arrangert ulike aktivitetar for å auke merksemda på og kunnskapen om forhold knytte til helsefremjande arbeidsmiljø, beredskap og funksjonelle arbeidsplassar. I 2023 har vi hatt særskilt fokus

på inkludering som føresetnad for eit helsefremjande arbeidsmiljø. Alle medarbeidarar har tilgjengeleg oversikt over regelverk og interne rutinar, retningslinjer og handlingsplanar for HMS-området. Vi gjennomfører også ved behov avgrensande kartlegging av arbeidsmiljø, til dømes i tilknytning til ombygginga av lokala våre i Oslo.

Bruken av heimekontor i direktoratet blir jamleg evaluert for å sikre ein god balanse mellom organisasjonen sitt behov for å vareta fagleg og kollegialt arbeidsmiljø, og kvar enkelt medarbeidar sitt behov for fleksibilitet. Vi reviderte retningslinjene i 2023 på bakgrunn av erfaringsinnhenting og innspel frå leiarar og medarbeidarar. Retningslinjene våre er tilpassa behova til verksemda og er i tråd med krav i forskrift.

Fns bærekraftsmål

Porteføljen til Utdanningsdirektoratet fell i hovudsak innunder berekraftsmål 4 om god utdanning. Dette målet dreier seg om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle. Årsrapporten til Utdanningsdirektoratet kan i sin heilskap lesast som ei framstilling av korleis vi i 2023 har arbeidd for å nå dette målet.

Utover arbeidet med å sikre god utdanning jobbar Utdanningsdirektoratet med berekraft primært gjennom tiltak for ei mest mogleg klimavennleg drift innanfor eksisterande rammer. Dette fell innanfor mål 12 om å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster og mål 13 om å motverke klimaendringane. Slik vi vurderer det, er dette i tråd med Noregs rapportar til FN om berekraftsmåla, som viser at det er desse berekraftsmåla Noreg har størst utfordringar med. For meir informasjon om dette, viser vi til rapporteringa på klima og miljø. I tillegg bidreg arbeidet til direktoratet til berekraftsmål 5 om likestilling mellom kjønna, og berekraftsmål 10 om mindre ulikskap, noko som også er beskrive i del III og del IV av årsrapporten.

Offentlege anskaffingar

Vi har i 2023 lyst ut og tildelt 44 ordinære konkurransar. Det er 3 færre enn i 2022. Statens innkjøpssenter tek seg av fleire fellesavtalar for staten, og vi bruker desse avtalane aktivt. Vi har eigne rammeavtalar på mange område, og vi har køyrt omtrent like mange mini-konkurransar i 2023 som i 2022, 74 i 2023 mot 75 i 2022.

Vi har interne retningslinjer for offentlege anskaffingar som blir følgde opp i direktoratet.

Del V Vurdering av framtidsutsikter

I 2024 fyller Utdanningsdirektoratet 20 år. Jubileet vil gi oss og sektoren eit høve til tilbakeblikk og refleksjon. For direktoratet har desse 20 åra i stor grad vore prega av vekst, oppbygging og nye oppgåver. Vi har bygd opp kunnskap, kompetanse og infrastruktur for å levere rammeplanar og læreplanar, forskrifter, støtte og rettleiing til sektor, forvaltning av regelverk, etter- og vidareutdanningstilbod, kunnskapsgrunnlag og statistikk, tilskot, eksamen og prøver, og dessutan sektorretta digitale tenester.

Hensikta har heile tida vore å setje skuleeigarar og barnehageeigarar best mogleg i stand til å sikre læring, meistring og trivsel for alle som er i barnehage eller i opplæringsløpet. Eit sterkt fagdirektorat med god sektorkunnskap og solide medarbeidarar har gitt barnehage- og opplæringssektoren heilt andre føresetnader til å løyse oppgåvene sine i forhold til korleis situasjonen var for 20 år sidan.

Omfanget av oppgåvene til Utdanningsdirektoratet er stort, og porteføljen er brei. Med tanke på mangfaldet og dei ulike behova i sektor vil det alltid vere slik at det krevst tiltak på mange ulike felt. Likevel ser vi at den samtidige innsatsen på fleire felte er kapasitetskrevjande. Risikoen er at det reduserer evna vår til å arbeide strategisk og målretta. Ei stadig tilbakevendande tilbakemelding frå sektor er òg at det er for mange innsatsar og verkemiddel, noko som gjer at det krev mykje av brukarane å få oversikt over og ta i bruk mangfaldet vårt av verkemiddel. For laust samankopla tiltak kan gi låg effekt, sjølv om summen av tiltak totalt sett er store. Derfor er absorberingsevna til sektoren ein av dei store risikoane våre. I 2024 kjem vi til å jobbe målretta for å redusere denne risikoen gjennom å leggje grunnlag for tydelegare styring og prioritering av verkemidla våre.

Nedgangen i lærings- og trivselsresultat, og manglande regelverksetterleving er blant dei andre store risikoane i sektoren. Støtte til innføring av ny opplæringslov vil vere ein av dei viktigaste leveransane våre i 2024. Breidda i tiltaka som skal bidra til betre etterleving, er stor, og vi har tru på at dette kan gi effekt innanfor både barnehage- og skulemiljø, og når det gjeld inkluderande og tilpassa opplæring. Samtidig må vi jobbe for å forstå drivkreftene som legg grunnlag for læring og trivsel i barnehage og skule, slik at vi kan snu nedgangen i lærings- og trivselsresultat.

Digitalisering og eksamen er òg vesentlege risikoar som kjem til å setje sitt preg på arbeidet til direktoratet i overskødeleg framtid. Det er krevjande å utnytte moglegheitene ny teknologi gir for læring mens vi samtidig skjermar elevane for negative effektar. På kort sikt jobbar vi med å finne trygge måtar å gjennomføre eksamen på og leggje føresetnadene til rette for at sektoren kan utnytte ny teknologi. I aukande grad ser vi at den tradisjonelle ansvarsdelinga mellom stat, kommune og fylkeskommune blir utfordra på dette området, og at det er behov for nye vurderingar rundt kva som er den mest formålstenlege fordelinga av oppgåvene i sektor. Biletet blir ytterlegare komplisert av at teknologi som kunstig intelligens kjem til å påverke læring og vurdering på måtar vi endå ikkje kan føresjå. Kunstig intelligens vil òg ha stor effekt på kva som vil vere behova til samfunnslivet og arbeidslivet framover, og kva krav dei vil stille til grunnopplæringa.

For Utdanningsdirektoratet blir 2024 eit spennande år. Vi skal arbeide med å konkretisere ambisjonane våre for ei ny tid med nye utfordringar. For å snu nedgangen i lærings- og trivselsresultat skal vi jobbe internt med å få mest mogleg effekt av ressursane våre, og vi skal streve etter å spisse verkemidla mot det som får mest verknad i sektor. I tillegg skal vi ta plass i samfunnsdebatten med dei faglege vurderingane våre, og vi skal bli endå betre på å formidle praksisretta og nyttig kunnskap til sektor.

Vi ser fram til 20 nye år med arbeid for læring, meistring og trivsel hos barn, unge og vaksne.

Del VI Årsregnskapet 2023

Ledelseskommmentar til årsregnskapet 2023

Formål

Utdanningsdirektoratet ble opprettet i 2004 og er underlagt Kunnskapsdepartementet.

Utdanningsdirektoratet er et ordinært statlig forvaltningsorgan som fører regnskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsregnskapet.

Utdanningsdirektoratet skal bidra til å nå sektormålene for barnehagen og grunnsopplæringen i Prop. 1 S (2022–2023) for KD. De overordnede sektormålene for barnehagen og grunnsopplæringen skal danne grunnlaget for prioritering av faglige mål og områder, og for utvikling av nye tiltak eller virkemidler.

Utdanningsdirektoratet har etatsstyringsansvar for de samiske videregående skolene som gir opplæring etter opplæringsloven. Utdanningsdirektoratets styringsansvar innebærer blant annet å utarbeide styringsdokumenter, tildele midler, sørge for styringsdialog og vurdere måloppnåelse.

Bekreftelse

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet og krav fra Kunnskapsdepartementet i virksomhets- og økonomiinstruks for økonomiforvaltningen i Utdanningsdirektoratet. Vi mener regnskapet gir et dekkende bilde av Utdanningsdirektoratets disponible bevilgninger, regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld.

Vurderinger av vesentlige forhold

Utdanningsdirektoratet har samlet disponert tildelingen på utgiftssiden på 14 921 millioner kroner. Etter fullmakt fra Finansdepartementet har vi utgiftsført betalt merverdiavgift på kapittel 1633 Nettoordning statlig betalt merverdiavgift, post 01 driftsutgifter med 121 millioner kroner.

Utgifter på 12 002 millioner kroner gjelder tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten.

Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet utgjør 1 490 millioner kroner. Av dette utgjør lønn og sosiale kostnader 23,7 prosent og andre utbetalinger til drift 76,3 prosent. Vi viser til note 2 og 3.

Utdanningsdirektoratet har totale inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet på 199,8 millioner kroner.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen viser en del avvik mellom regnskapsførte utgifter og samlet tildeling, se kolonne for Merutgift (-) og mindreutgift. Dette har en naturlig forklaring fordi de vesentlige avvikene skyldes tildelingen og fullmakter som er gitt til andre statlige virksomheter i samsvar med tildelingsbrevet fra Kunnskapsdepartementet.

I tillegg har det vært noen mindre avvik mellom tildelte midler på utgiftssiden og regnskapsførte utgifter,

som går fram av note B. Utdanningsdirektoratet søker om overføringer innenfor 5-prosentregelen og med henvisning til stikkordet «kan overføres».

Vurderinger av endringer fra 2022 til 2023

Innbetalinger av tilskudd og overføringer fra andre statlige virksomheter økte med 147 pst. fra 2022 til 2023 og gjelder ODA-godkjente utgifter. ODA-godkjente utgifter er inntekter til dekning av tilskudd til opplæring av barn og unge som søker opphold i Norge over kap. 225 post 64. Økningen skyldes at det var flere asylsøkere og fordrevne, spesielt fra Ukraina.

Kjøp av konsulenttjenester er redusert med 29,6 millioner kroner, tilsvarende 11,5 pst. fra 2022 til 2023. Nedgangen er innenfor konsulenttjenester til forskning, evaluering og kartlegging, til kommunikasjonsrådgivning og design, til juss - juridisk bistand og til rekruttering.

Tilskuddsforvaltningen og andre overføringer fra staten økte med 652 millioner kroner tilsvarende 5,7 pst. fra 2022 til 2023. Økningen gjelder tilskudd til private skoler og ideelle organisasjoner som skyldes i hovedsak endrede satser både til private grunn- og videregående skoler, i tillegg til noe økning i elevtall.

Tilleggsopplysninger

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekrefter årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet. Årsregnskapet er ikke ferdig revidert per d.d., men revisjonsberetningen antas å foreligge i løpet av 2. kvartal 2024. Beretningen er unntatt offentlighet fram til Stortinget har fått Dokument 1 fra Riksrevisjonen, men vil bli publisert på udir.no så snart dokumentet er offentlig.

Oslo, den 15.03.2024



Morten Rosenkvist
Utdanningsdirektoratet

Prinsippnote til årsregnskapet

Årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer fastsatt i bestemmelser om økonomistyring i staten (bestemmelsene). Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, i nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsatt av overordnet departement.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen og artskontorrapporteringen er utarbeidet med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – de grunnleggende prinsippene for årsregnskapet:

- a. Regnskapet følger kalenderåret
- b. Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret
- c. Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet
- d. Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp

Oppstillingen av bevilgnings- og artskontorrapporteringen er utarbeidet etter de samme prinsippene, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippene korresponderer med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til hvordan virksomhetene skal rapportere til statsregnskapet. Sumlinjen «Netto rapportert til bevilgningsregnskapet» er lik i begge oppstillingene.

Utdanningsdirektoratet er tilknyttet konsernkontoordningen i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltingsorgan (bruttobudsjetterte virksomheter) tilføres ikke likviditet gjennom året, men har en trekkrettighet på sin konsernkonto. Ved årets slutt nullstilles saldoen på den enkelte oppgjørskonto ved overgangen til nytt år.

Bevilgningsrapporteringen

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapporteringen og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet.

Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet som Utdanningsdirektoratet har fullmakt til å disponere. Kolonnen samlet tildeling viser hva Utdanningsdirektoratet har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for seg og underlagte virksomheter, for hver kombinasjon av kapittel/post. Oppstillingen viser alle finansielle eiendeler og forpliktelser Utdanningsdirektoratet står oppført med i statens kapitalregnskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kombinasjonen av kapittel/post i en annen virksomhet (belastningsfullmakter) vises ikke i kolonnen for samlet tildeling, men er omtalt i note B til bevilgningsoppstillingen. Utgiftene knyttet til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsregnskapet, og vises i kolonnen for regnskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samlet tildeling, men bokføres og rapporteres ikke til statsregnskapet fra Utdanningsdirektoratet selv. Avgitte belastningsfullmakter bokføres og rapporteres av virksomheten som har mottatt belastningsfullmakten, og vises derfor ikke i kolonnen for regnskap. De avgitte fullmaktene kommer fram i note B til bevilgningsoppstillingen.

Artskontorrapporteringen

Oppstillingen av artskontorrapporteringen har en øvre del, som viser hva som er rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter, og en nedre del, som viser eiendeler og gjeld som inngår i mellomværende med statskassen. Artskontorrapporteringen viser regnskapstall Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter. Utdanningsdirektoratet har en trekkrettighet på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingene er

ikke inntektsført og derfor ikke vist som inntekt i oppstillingen.

Årsregnskap for Utdanningsdirektoratet 2023.

Vedlegg: rapportering om arbeid for likestilling og mangfold, og aktivitets- og forklaringsplikta

Denne delen av årsrapporten gjeld rapportering etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 a. Første og andre del beskriv faktisk tilstand for kjønnslikestilling i direktoratet. I tredje del beskriv vi korleis vi jobbar for likestilling og mot diskriminering på bakgrunn av alle diskrimineringsgrunnlaga på områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv.

Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling

Rapportering kvart år

I Utdanningsdirektoratet er vi 383 tilsette ved utgangen av 2023, 253 kvinner og 130 menn. Dette gir oss ein kvinnedel på 66 prosent og ein mannsdel på 34 prosent. Kjønnfordelinga i 2023 er dermed omtrent lik som førre år, med ein liten auke i kvinnedelen. I toppleiinga var det ved utgangen av 2023 fire kvinner og tre menn. Vi har 24 avdelingsdirektørar med ei fordeling på 50 prosent kvinner og 50 prosent menn, som er det same som i 2022.

Kjønnsfordeling blandt tilsette

Nivå	Totalt	Kvinner	Menn
Nivå 1 - Utdanningsdirektoratet	383	253	130
Nivå 2 - Stabs-, divisjons- og avdelingsdirektør	30	16	14
Nivå 3 - Seniorrådgivar	250	173	77
Nivå 4 - Rådgivar	66	43	23
Nivå 5 - Førstekonsulent/konsulent	8	3	5
Nivå X - Prosjektleder og utgreiingsleder	16	11	6

Kjønn og deltid

I Utdanningsdirektoratet er det få tilsette som jobbar redusert. Alle stillingar i direktoratet er i utgangspunktet heiltidsstillingar. Ein må søkje om å jobbe redusert, og ved utgangen av 2023 jobba 6,5 prosent (25 tilsette, av dette 18 kvinner og 7 menn) i reduserte stillingar. Å leggje til rette for individuelle behov ved å innvilge redusert stilling eller permisjon er ein del av personalpolitikken til Utdanningsdirektoratet.

Kjønn og mellombesle tilsetjing

Av dei tilsette er 4,7 prosent (18 tilsette) tilsette i mellombesle stillingar anten på engasjement eller i vikariat. Fordelinga av kvinner og menn i mellombesle tilsetjingsforhold er jamn, med høvesvis 10 kvinner og 8 menn. Av dei 18 tilsette i mellombesle stillingar er 8 lærlingar. Av desse er 4 kvinner og 4 menn.

Kjønn og uttak av foreldrepermisjon

I 2023 er det teke ut i alt 395,4 veker foreldrepermisjon i direktoratet, 323,8 veker for kvinner og 71,6 veker for menn. I 2023 har 17 kvinner teke ut foreldrepermisjon, og den gjennomsnittlege lengda på permisjonen var 19,1 veker. Tilsvarende har 5 menn teke ut foreldrepermisjon, og den gjennomsnittlege lengda for permisjonen var 14,3 veker.

Rapportering annakvart år

Lønnsfordeling mellom kjønn

Å bidra til likelønn er eit av dei fastsette måla i den lokale lønnspolitikken til Utdanningsdirektoratet. Målet blir følgt opp i gjennomføringa av lokale lønnsforhandlingar og ved fastsetting av lønn ved nye stillingar. Før stillingar blir lyste ut, blir kunngjeringsteksten med tilhøyrande lønsspenn og stillingskode drøfta mellom arbeidsgivaren og dei tillitsvalde.

Kvalifikasjonskrav, ansvar og oppgåver for dei to største stillingskategoriane i Utdanningsdirektoratet, rådgivar og seniorrådgivar, er fastsette i lokal lønnspolitikk og er tilsvarande for alle tilsette på desse stillingsnivåa.

I 2023 ligg menn noko høgare i lønn enn kvinner på verksemdsnivå på seniorrådgivar-, rådgivar- og førstekonsulentnivå, mens kvinner ligg noko høgare enn menn på leiarnivå og prosjektleiar- og utgreiingsleiarnivå. Ved utgangen av 2023 er kvinner sin del av lønna til menn 98,3 prosent totalt i direktoratet, som er ein liten reduksjon frå 2022. Den største stillingsgruppa i direktoratet er seniorrådgivarar, der kvinner sin del av lønna til menn er 97,1 prosent. Lønnsforskjellen mellom menn og kvinner på seniorrådgivarnivå har auka noko samanlikna med 2022.

Arbeidsgivar og tillitsvalde har gjennomført ei omfattande likelønnskartlegging i 2023 ved å sjå på alle lønnsartar for dei ulike stillingsnivåa, inkludert fast lønn, uregelmessige tillegg og overtidsgodtgjersler. Gjennomsnittleg lønn for kvinner i direktoratet er noko lågare enn for menn (98,3 prosent). Kartlegginga vår gir oss likevel ikkje noko grunnlag for anna enn at dette kjem av individuelle forskjellar i lønnsfastsetjing, og ikkje på bakgrunn av kjønn.

Likelønn låg til grunn for gjennomføring av lokale lønnsforhandlingar mellom arbeidsgivar og tillitsvalde ved 2.5.1-forhandlingane hausten 2023.

Tabellen nedanfor viser gjennomsnittslønna totalt og fordelt på kjønn på verksemdsnivå og for dei mest brukte stillingskodane i direktoratet. I tillegg viser tabellen kvinner sin del av lønna til menn på verksemdsnivå og på dei ulike nivåa, og dessutan forskjellen mellom lønna til kvinner og menn i kroner. Alle stillingskodar som blir nytta i direktoratet, er drøfta med dei tillitsvalde. Stillingsnivåa er baserte på eksisterande stillingskategoriar.

Lønnsoversikt i Udir

Nivå	Gjennomsnittslønn			Andel	
	Totalt	Kvinner	Menn	Differanse mellom lønna til kvinner og menn (kr)	Kvinner sin del av lønna til menn (%)
Nivå 1 – Utdanningsdirektoratet	740 720	734 359	747 080	-12 721	98,3 %
Nivå 2 – Stabs-, divisjons- og avdelingsdirektør	1 061 760	1 073 197	1 050 322	22 875	102,2 %
Nivå 3 – Seniorrådgivar	749 018	738 163	759 872	-21 709	97,1 %
Nivå 4 – Rådgivar	620 619	619 291	621 946	-2 655	99,6 %
Nivå 5 – Førstekonsulent/konsulent	530 786	529 267	532 304	-3 037	99,4 %
Nivå X – Prosjektleiar og utgreiingsleiar	819 195	828 077	810 313	17 764	102,2 %

Kjønn og overtid

Overtid skal vere pålagd og avtalt med nærmaste personalleiar. Overtid blir rekna ut som ein prosentsats av den avtalte lønna til den tilsette. I 2023 jobba totalt 130 kvinner og 67 menn overtid i direktoratet. Totalt for direktoratet er kvinner sin del av talet på overtidsstimar 162,7 prosent av talet på overtidsstimar menn jobba, mens kvinner sin del av overtidsgodtgjersler er 77,3 prosent. Overtidsarbeidet er utført av tilsette på ulike stillingsnivå, og det er eit stort spenn i grunnlønna til dei tilsette, som blir utslagsgivande for denne forskjellen. Overtidskompensasjon vil variere avhengig av kva tid på døgnet overtida blir utført, om overtida løyser ut 50 prosent eller 100 prosent godtgjering, og ut frå korleis overtida skal kompenseras –

som avspasering eller som utbetaling. Vi har sett på statistikken for overtidstimar og utbetaling av overtid fordelt på kvinner og menn i 2023, og har ikkje grunnlag for å meine at det er systematisk forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn.

Kjønn og skattepliktige naturalytingar

Det er ingen forskjell mellom kjønna når det gjeld skattepliktige naturalytingar. Alle tilsette i Utdanningsdirektoratet får tilbud om tenestetelefon. Nokre vel sjølve å ikkje ha tenestetelefon og blir tilbydde alternativ telefoniløysing.

Kartlegging av ufrivillig deltid

Nokre av dei tilsette har behov for å jobbe i reduserte stillingar i ein periode av ulike årsaker, til dømes delvis omsorgspermisjon, studiepermisjon eller permisjon på grunn av eiga helse. Vi gjennomførte ei kartlegging av ufrivillig deltid i 2023, og alle rapporterte at prosentdelen dei jobba, var ønskt, og at dei ikkje ønskte å endre stillingsprosent på dåverande tidspunkt.

Del 2: Andre diskrimineringsgrunnlag

Tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og hol i CV

Vi har ambisjonar om å rekruttere breiare og auke mangfaldet i direktoratet, inkludert personar med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Vidare har vi teke arbeidet med å rekruttere personar i desse målgruppene inn i mangfalds- og inkluderingsarbeidet vårt, som også er ein del av aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP).

Utdanningsdirektoratet ønskjer å få søkjarar med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og har gode rutinar for å avdekkje slike kandidatar i søkjarmassen. Søkjarar som kjenner seg att i ein av desse kategoriane, kan krysse av for dette når dei søker på ei stilling i direktoratet. Vi kallar inn minst éin kvalifisert søkjar til intervju i kvar gruppe. Vi ser likevel at sjølv om vi har gode rutinar for dette, lukkast vi i liten grad med å tilsetje søkjarar frå desse målgruppene.

I 2023 var 135 av søkjarane til alle stillingar personar med innvandrarbakgrunn, og av desse blei 9,6 prosent kalla inn til intervju, og éin person blei tilsett. 22 av alle søkjarar hadde hol i CV-en. Éin av desse søkjarane var kvalifisert og blei kalla inn til intervju, men blei ikkje tilsett. Det var totalt 27 søkjarar med nedsett funksjonsevne. To av dei blei kalla inn til intervju, ingen blei tilsett.

Vi har likevel tilsett søkjarar frå dei ulike målgruppene som sjølv ikkje har opplyst om dette i søknadsprosessen, og som dermed ikkje inngår i dei rapporterte tala.

Det blir rapportert på dette til leiargruppa kvart tertial.

Del 3: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering

I arbeidet vårt med likestilling og mot diskriminering følgjer vi Bufdirs firetrinnsmetode: a) kartleggje og undersøkje, b) analysere årsaker, c) setje i verk tiltak og d) vurdere resultat.

Oppfølging av arbeidet frå 2022

I slutten av 2022 etablerte vi ei partssamansett arbeidsgruppe som jobbar med aktivitets- og utgreiingsplikta i direktoratet. Arbeidsgruppa har hatt jamlege møte gjennom heile 2023.

På bakgrunn av ein gjennomgang av dei personalpolitiske dokumenta våre jobbar arbeidsgivar i samarbeid med tillitsvalde med å revidere varslingsrutinane våre, retningslinjer mot mobbing og trakassering og etisk ver varsam-plakat. Dette arbeidet vil vere ferdig primo 2024. Dette er òg ein del av arbeidet med å søkje å hindre mobbing, trakassering og seksuell trakassering.

For å jobbe meir systematisk med mangfald og inkludering og gjere det enklare for oss å nytte regelverket i likestillings- og diskrimineringslova utarbeidde vi våren 2023 eit rammeverk for mangfalds- og inkluderingsarbeidet i direktoratet. Rammeverket dannar grunnlaget for leiinga sitt ansvar for, og medarbeidarane sitt bidrag til, arbeidet med å styrkje mangfald og inkludering internt i Utdanningsdirektoratet. Rammeverket seier òg noko om bakgrunnen for og mål for arbeidet, der vi har sett eittårs-, toårs- og femårsmål. Eitt mål i rammeverket er å få på plass ein strategi med handlingsplan for mangfalds- og inkluderingsarbeidet i direktoratet, som skal vere ferdig medio 2024. Mål og tiltak i strategien vil vere baserte på resultat frå risikovurderingar og kartleggingar av diskrimineringsgrunnlaga og områda som er nemnde i lova. Vi har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med mangfald og inkludering og utarbeide strategien.

Eitt tiltak i 2022 var å jobbe med å forbetre kunngjeringstekstane våre, mellom anna med fokus på likestilling og ikkje-diskriminering. Vi har jobba kontinuerleg med dette i løpet av 2023, slik at vi skal kunne nå eit breiare mangfald blant søkjarane. Eit anna tiltak etter kartlegging i 2022 var å heve kunnskapen om likestilling, mangfald og inkludering hos tilsette og leiarar. I løpet 2023 har vi gjennomført fleire tiltak knytte til dette, m.a. ved å gjennomføre workshop med dette som tema for leiargruppa og alle divisjonar, og å ha mangfald og inkludering som tema på dei årlege HMS-vekene våre.

Undersøkje og kartleggje

Den partssamansette arbeidsgruppa har gått gjennom dei personalpolitiske dokumenta våre for å kartleggje eventuelle risikoar for diskriminering og hinder for likestilling. Slik vi vurderer det, er dokumenta i all hovudsak gode, med eit nøytralt og inkluderande språk. Vi ser samtidig at rekrutteringspolicyen vår kan innehalde meir informasjon og mål om mangfaldsrekruttering. På bakgrunn av dette vil vi vurdere å revidere denne. Gjennomgangen viser òg at sjølv om lønnspolitikken til direktoratet har tydeleg mål om likelønn, er det for nokre stillingsgrupper auka lønns-gap mellom kvinner og menn. Det blei òg ytra spørsmål eller kommentarar om praksis og korleis dokumenta blir brukte, kjennskapen tilsette har til dei, og om det er nokre utilsikta negative konsekvensar av nøytrale retningslinjer.

I samband med gjennomgangen gjennomførte vi ein workshop med den partssamansette arbeidsgruppa for å kartleggje risikoar for diskriminering og hinder for likestilling knytte opp mot lønns- og arbeidsvilkår. Dette viste seg som ein effektiv måte å gjennomføre risikovurderinga på, og vi tek sikte på å bruke same metode for å kartleggje risikoar på dei andre områda.

Som ein del av arbeidet med å kartleggje og undersøkje risiko for diskriminering og hindre for likestilling i direktoratet blei alle tilsette i direktoratet inviterte til å delta i ei spørjeundersøking hausten 2023. Vi stilte spørsmål knytte til alle diskrimineringsgrunnlaga, sett opp mot områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og moglegheit for å kombinere jobb og familieliv. Resultata frå undersøkinga viser at vi ikkje har store utfordringar, samtidig peika nokre område seg noko ut, som kjønn, alder, funksjonsnedsetjing og etnisitet.

Som oppfølging på spørjeskjemaundersøkinga gjennomførte vi workshopar i alle divisjonane og i staben i direktoratet. Dei mest relevante likestillingsutfordringane blei valde basert på svara frå divisjonen og staben i undersøkinga, og dei tilsette diskuterte og analyserte årsaker og la fram forslag til tiltak for dei ulike områda.

Resultatet frå kartlegginga vil danne grunnlaget for Utdanningsdirektoratet sin strategi for mangfalds- og inkluderingsarbeid. Vi vil, i samarbeid med den partssamansette arbeidsgruppa, prioritere å setje i verk tiltak for områda som peika seg ut i kartlegginga – mellom anna kjønn, alder og funksjonsnedsetjing og etnisitet. Samtidig vil vi på sikt jobbe med tiltak for alle diskrimineringsgrunnlaga, og arbeidet vil omfatte områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv. I tillegg vil vi jobbe for å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

Analysere årsaker

Dei ulike metodane som er brukte for kartlegging av risiko for diskriminering og hinder for likestilling, har gitt eit godt datagrunnlag for det vidare arbeidet. For spørjeundersøkinga og workshopane var det særleg sentralt å sjå på moglege årsaker innan område der det blei meldt at nokon hadde opplevd likestillingsutfordringar. Analysen avgrensa seg derimot ikkje berre til desse, då det òg var interessant å sjå nærmare på risikoen for diskriminering innan andre område (alle diskrimineringsgrunnlag). Basert på dette fekk vi oversikt over område for forbetring og område der det kan jobbast førebyggjande i endå større grad enn i dag. Dette vil i sin tur vere eit svært viktig grunnlag i utarbeidinga av strategien vår for mangfald og inkludering. Vi vil kontinuerleg vurdere kva som er den beste framgangsmåten for å kartleggje risikoar for diskriminering og hinder for likestilling.

Setje i verk tiltak

I 2023 har vi gjennomført ei rekkje tiltak for å motverke diskriminering og bidra til auka likestilling og mangfald i direktoratet. Vi ser det som mest formålstenleg å ikkje setje i gang mange ulike tiltak eller tiltak

på alle diskrimineringsgrunnlaga og områda samtidig, men å setje i gang tiltak på dei områda som har peika seg ut gjennom kartleggingsarbeidet vårt, i tillegg til førebyggjande tiltak som haldningsskapande arbeid og kompetanseheving. Dette gjer at vi kan gjennomføre tiltaka grundigare, og gjer det enklare for oss å vurdere tiltaka i etterkant.

Utdanningsdirektoratet skal i 2024 vedta ein strategi for mangfald og inkludering, i tråd med rammeverket vårt for mangfalds- og inkluderingsarbeidet. Strategien skal ta opp alle diskrimineringsgrunnlaga og -områda, og gjere greie for den overordna tilnærminga til arbeidet og særlege satsingsområde framover. Desse satsingsområda vil basere seg på analysen som blir gjort av resultatane frå dei ovannemnde risikovurderingane og kartleggingane. Strategien vil innehalde konkrete tiltak knytte til kvart satsingsområde.

Vurdere resultat

Ein annan viktig del av strategien vil ta for seg korleis Utdanningsdirektoratet skal følgje opp dette arbeidet over tid. I dette ligg det òg at det blir etablert rutinar/prosedyrar for jamleg evaluering av arbeidet som er gjort, og at det blir tydeleggjort korleis det blir lagt opp til kontinuerleg arbeid med alle diskrimineringsgrunnlaga og områda knytte til aktivitets- og utgreiingsplikta.

Kompetanseheving og bevisstgjeriing i organisasjonen

Som ein del av arbeidet for å auke medvitet om temaet og forankre arbeidet i leiargruppa gjennomførte vi våren 2023 ein workshop om mangfald og inkludering med leiargruppa vår. Workshopen med leiargruppa, og spørjeundersøkinga og workshopar med alle tilsette, har òg vore eitt ledd i å jobbe for å sikre kompetanse om mangfald og inkludering blant leiarar og tilsette, som er nedfelt i rammeverket for mangfalds- og inkluderingsarbeidet vårt. I tillegg var temaet for HMS-vekene i år mangfald og inkludering, der vi mellom anna hadde ein ekstern foredragshaldar som snakka om temaet seksuell orientering / kjønnsidentitet / kjønnsuttrykk.

Riksrevisjonens beretning

Riksrevisjonens beretning og konklusjon.